

Nr. 2 2005 • 46. årgang • kr 50,-

Tidsskrift for aktuelle språkspørsmål

SPRÅKLIG SAMLING

Tema:

Halvdan Koht

- NS og nazirettskrivinga

Historier om Halvdan Koht, NS og riksmålsreaksjonen

Blant norske språkpolitikere er det få eller ingen som har satt like djupe spor etter seg som Halvdan Koht. Som målmann, samnorskmann og mektig politiker var han ei drivkraft bak spesielt 1938-reformen, som var et viktig skritt på veien mot ett norsk skriftspråk, bygd på folkemålet i by og land. Han var den største enkeltpådrivere for en politikk som seinere i praksis blei forlatt av det politiske flertallet, noe som i sin tur førte til stiftelsen av Landslaget for språklig samling, som som kjent ønsker å fortsette språkpolitikken langs linjene til Koht. Koht hadde også ei sentral rolle i organisasjonen Østlandsk reisning, som på mange måter var en slags forgjenger for LSS.

For en politiker med mer normal mental kapasitet ville det språkpolitiske arbeidet til Koht aleine vært nok til å sikre en plass i historiebøkene, men for Koht var språkpolitikken nærmest en bisak, som et ledd i et større sosialpolitisk prosjekt. *Store norske leksikon* omtaler Koht stort sett som historiker og spesielt politiker – forståelig nok, ettersom han var utenriksminister med ei prinsippfast nøytral holdning i tida fram til den andre verdenskrigen – og nevner nærmest i en bisetning at han også var målmann.

I dette nummeret ser vi nærmere på Koht i en tankevekkende artikkel av Kåre Lunden, der historiesynet og samfunnssynet til Koht blir gjort greie for, og en klassisk artikkel av Ernst Håkon Jahr tar for seg det arbeidet Koht gjorde som språkpolitiker.

Den andre verdenskrigen og tida rett etter blei et språkpolitisk vendepunkt i Norge. Konservative krefter så sitt snitt til å diskreditere Koht både som utenrikspolitiker og språkpolitiker, med til dels ufine metoder. Riksmålsbevegelsen klarte ved hjelp av mesterlige retoriske grep og kreativ historieskriving faktisk å dra fordel av situasjonen, til tross for tvilsomt nazi-samrøre under

krigen, et samrøre som Kjartan Fløgstad undersøkte nærmere i boka *Brennbart*. Lars S. Vikør går i en artikkel i dette nummeret nærmere inn på samnorskdimensjonen her, som dessverre har blitt lite diskutert i den oppheta debatten etter boka til Fløgstad, men er vel så viktig som nynorsk–riksmål-motsetningene for å forstå den historiske sammenhengen. Samarbeidet mellom riksmålsfolk og NS var ikke noen spesiell kamp mot nynorsk, men en kamp mot samnorskpolitikken slik den kom til uttrykk i 1938-rettskrivinga.

Retorikken i etterkrigsreaksjonen mot Koht er et fascinerende, men også skremmende eksempel på hva en kan klare å framføre i en debatt dersom en behersker virkemidlene. Som Kåre Lunden påpeker, kunne en gjerne påstå at Koht brukte et «kunstig» språk, at Koht var en landssviker og at Mållaget samarbeida med NS, mens virkeligheta var den stikk motsatte.

Halvdan Koht er uten tvil en av de største nordmennene som levde i forrige århundre. LSS har all grunn til å sette stor pris på arbeidet han gjorde. Ikke bare var han en mesterlig historiker, en sterk politiker med høy integritet og en intellektuell kapasitet hinsides det meste, men han satte også språkpolitiske spørsmål inn i et helhetlig syn på hvilken retning samfunnet skulle ta, og definerte omtrent på egen hand den språkpolitiske linja som LSS har fulgt.

Den nøkterne linja til LSS, med stor vekt på faglig tyngde og saklige argumenter, kan nok dessverre ikke helt måle seg med den kraftfulle polemikken hos Koht, og har kanskje blitt litt for traust i møtet med en riksmålagitasjon som har visst altfor godt hvilke irrasjonelle strenger den skulle spille på. Det er nok på tide å forsøke å supplere laget vårt med en og annen historieforteller – i alle betydninger av ordet.

SPRÅKLIG SAMLING

ISSN 0333-0362

Utgitt av Landslaget for språklig samling

Organisasjonsnummer 886 343 922

Ansvarlig redaktør: Hans-Christian Holm

E-post: redaksjon@sprakligsamling.no

(redaksjon@sprakligsamling.no)

Leiar: Vanja Røkkum Jahnsen

E-post: vanja.r.jahnsen@optonet.no

Nettsted: www.sprakligsamling.no

Adressa til laget og bladet:

Postboks 626 Sentrum, 0106 Oslo

Kontonummer 0532 1078666

Bladpengar: kr 150,-

Medlemspengar (inkluderer bladpengar): kr 250,- per år

for skoleelevar og studentar

kr 125,- per år

E-post-adresse for spørsmål om abonnement og medlemskap: kasserer@sprakligsamling.no

NS og språkpolitikken: høgnorsk idelogi og bokmålsk praksis

Den hissigaste språkdebatten det siste dryge halvåret har handla om språkpolitikken under okkupasjonen 1940–45, og har fått fram i lyset ein del kunnskap som nok var ukjend for dei fleste. Kjartan Fløgstads bok *Brennbart* utløyste ordsiftet. Han drog der fram dokumentasjon som viser at sentrale krinsar i Riksmålsforbundet samarbeidde med dei daverande styresmaktene (NS) om ei «annullering» av 1938-rettskrivinga, samtidig som han kunne tilbakevise meir eller mindre halvkvodne viser om samrøre mellom målrørsla og Nasjonal Samling. Han gjekk nokså hardt ut mot namngitte personar som på ulike måtar har antyda eit slikt samrøre, med Hans Fredrik Dahl som fremste skyteskiva. Dette førte til sterke reaksjonar frå den riksmålsvennlege sida, og ein debatt som i stor grad også har dreidd seg om stillinga til nynorsken i dag og dei haldningane som no dominerer overfor denne målforma og det kultur- og historiesynet den bygger på – såleis knytte Fløgstad medvete sambandet til dagens aksjonar mot sidemålsstilen.

Eg skal ikkje gå så mye inn på dette her, men nøye meg med å konstatere at Fløgstad i det store og heile har god dokumentasjon på påstandane sine, sjølv om han bruker såpass sterke og personlege karakteristikkar at han ber om motangrep. Han veit kva som skal til for å få i gang ein debatt og ikkje bli oversett i media i dag. Og debatten er jo blitt omfattande og har belyst så mange emne at alt som kan seiast, er blitt sagt tusen gonger – det er i alle fall den umiddelbare kjensla når ein blar gjennom klippingsamlingane som ivrige målfolk har laga.

Men noko manglar likevel: Ord-

siftet har (nesten) berre krinsa om aksen riksmål – nynorsk. Her i *Språklig Samling* er det naturleg å sjå nærare på det tredje standpunktet, samnorskina, og korleis den plasserte seg i dette bildet. Det er påfallande – men kanskje tidstypisk – at dette perspektivet nesten er blitt borte frå det aktuelle ordsiftet. Fløgstad nemner rett nok på s. 35 i boka si at 1938-rettskrivinga og dermed samnorskstrevet fekk status som ein samlande motstandsideologi under krigen, og siterer jamvel ein patent riksmålsmann som Asbjørn Aarnes som kjelde for denne påstanden.

Men det er også blitt med det. Tidlegare har vi derimot hatt ulike forsøk på «oppgraving» av NS-rettskrivinga, såleis rundt 1960 og i dei følgjande åra, men da var det riksmålsfolk som stod for det, og dei gjekk langt i å stemple NS-politikken som ein samnorskpolitikk.

Her skal eg først gi ei oppsummering av språkpolitikken til NS, ikkje minst på grunnlag av Arne Tjelles hovudoppgåve *Rettskrivinga av 1941*, som er trykt i skriftserien *Nordica Bergensia* (nr. 2/1994). Så skal eg sjå på konsekvensane av den for samnorskpolitikken si stilling etter krigen, og korleis NS har vorte brukt og særleg misbrukt i språkstriden på sekstialet og seinare. Arne Torp har elles behandla dette emnet her i bladet i artikkelen «Samnorsk tanken som naziideologi» (nr. 3/1993), og eg viser også til den.

«NS-rettskrivinga»

Nasjonal Samling hadde ein språkpost i programmet sitt frå 1933: «Den naturlige sammensmelting av de to målfører til ett norsk skriftsprog fremmes, men uten tvang». Det var i hovudsak det same som

alle dei demokratiske partia unntatt Høgre gjekk inn for. I praksis var språkpolitikk aldri noka viktig sak for NS gjennom trettiåra. Såleis tyder lite på at Quisling var særleg interessert i det – heller ikkje under krigen ser det ut til at han personleg gjorde noko i høve til dette saksfeltet.

Men NS-regjeringa under krigen hadde ein kulturminister (dei føregreip demokratiet med førti år i det å skilje ut eit kulturdepartement frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet) med slike interesser, Gulbrand Lunde. Han ønskte å gjennomføre ei ny rettskrivingsreform i begge målformer som skulle gi oss eit «høinorsk høvisk mål». Dette vart til 1941-rettskrivinga, som mest var eit rammeverk det vart arbeidd vidare med i departementet (Lunde sjølv døydd i ei bilulykke i 1942) i samspel med språkpolitisk interesserte grupperingar utanfor regjeringa, blant dei Riksmålsforbundet og somme målfolk. Det er dette som har vore eitt av hovudpunkta i den hissige debatten i vinter, og eg tar ikkje opp den tråden her. I denne samanhengen er det innhaldet i NS (eller Lunde & Co.) sin politikk som har interesse – slik det kom til uttrykk i den konkrete rettskrivingsreforma.

Det viktigaste ved denne reforma var at ho var ein reaksjon på 1938-rettskrivinga, «det kohtske knot», som Lunde uttrykte det. Fiendebildet var altså det same som det Riksmålsforbundet og høgnorskfolka hadde. Samtidig delte NS det synet at det burde skje ei samansmelting av målformene. Poenget var at det ikkje skulle skje på «folkemåls grunn». Det skulle skje på «høgnorsk» grunn. Og det skulle skje på lang sikt. Dette verkar – og verka den gongen – tem-

meleg sjølvmotseiande, i alle fall når ein skulle praktisere det og ikkje berre ønske det.

Løysinga var å rykke tilbake eit par steg, i retning av 1917, kanskje mest konsekvent i nynorsken. Der vart såleis i-målet restaurert att, tradisjonelle former kom til heider og ære mens tilnæringsformer vart strokne. Dei mest gjennomslagskraftige tilnæringsformene, særleg a-endinga i hokjønn, fekk stå som jamstilte former (men i den offisielle 1941-ordlista som vart gitt ut, står det at *-i* var det vi kallar hovudform, *-a* berre sideform – andre stader er det snakk om jamstilling). I fleirtal av svake hokjønnsord vart formene på *-or* - *-one* obligatoriske, altså: *døra* eller *døri*, men berre *gator* - *gatone*. Elles vart infinitiv på *-a* eineform, like eins supinum av sterke verb på *-e* (*har kome*, etter 1938 skulle det vere *-i: komi*). Former som *gjenom*, *millom*, *då*, *tri*, *trettan*, *tjuge*, *spjot*, *myrk*, *vekkjing*, *breid*, *leid*, *fåre*, *fårleg*, *fyrst*, *fyre* (men *før*) vart eineformer, andre tradisjonelle former vart jamstilte, og nokre få (*um*, *upp*, *yver*) vart berre sideformer. Dette vekte lite strid: Dei nynorske NS-folka var tydelegvis nøgde, og dei andre deltok ikkje i ordskitte om dette emnet under okkupasjonen.

I bokmål vart ei tilsvarande reversering gjort: Her vart a-formene kasta ut i mange hokjønnsord (men ikkje i dei «særnorske» og mest daglegdagse, der dei i ein del tilfelle framleis skulle vere obligatoriske, som i *elva*, *brua*, *bjørka*, *grana*). A-former i verb vart avskaffa og *-et* gjort obligatorisk: altså berre *kastet*, ikkje *kasta*. Like eins vart mange nye 1938-former som *gjømme*, *glømme*, *hol*, *kol*, *sia*, *trøtt*, *lege*, *lekmann*, *kunne*, *skulle* og *ville* forbodne – det skulle vere obligatorisk med *gjemme*, *glemme*, *hull*, *kull*, *siden*, *trett*, *læge*, *legmann*, *kunde*, *skulde* og *vilde*. (Men det vart innført ein regel om at mens *kull* skulle vere obligatorisk, skulle *kol-* vere obligatorisk i samansetningar som *kolbrenner* og *kolmile*, men berre *kull-* i *kullhydrat*!) Ortografiske endringar frå

1938, som *øy* for *øi*, *meg*, *deg*, *seg* for *mig*, *dig*, *sig*, og *opp* for *op*, vart behaldne; dette godtok også riksmålsrørsla etter krigen. I tillegg vart ein del nynorsknære former behaldne eller innført, delvis valfritt og delvis obligatorisk, av den typen som peika bakover mot gammalnorsk og fekk stempelet «høgnorsk»: *no*, *gjente*, *likne*, *bu* (verbet), *veg*, *sæter*, *gjæte*, *sokn* vart såleis obligatoriske i 1941, og ein del obligatoriske former frå 1938 som *hage*, *gjennom*, *mellom*, *snø*, *bru*, *etter*, *fram*, *hard*, *kald*, *farge*, *hva*, *svart*, *språk*, *rom*, *vitne*, *åker* vart behaldne. Ikkje minst «norrøne» diftongformer fekk høg status: Det vart obligatorisk å skrive *heim*, *bein*, *sein*, *lauv*, *leik*. Det var ein tribut til Lundes høgnorske syn. Forma *no* fekk ein særskild status som «faneform», i og med at den aldri hadde vore tillaten i bokmål før, heller ikkje i 1938, og vart rekna som ein spesielt «høgnorsk» markør, mellom det «danske» *nu* og det «uskjønne» (G. Lunde) *nå*. *No* i bokmål vart sjølv symbolet på lojalitet til NS sin politikk. (Men samansetningar som *nutid* og *nuværende* var framleis tillatne, attåt *no-*, derimot ikkje *nå-*!)

Denne rettskrivinga var altså ikkje «samnorsk» – ein term NS sjølv ikkje brukte – men ho inneheldt mange former som gav vanlege riksmålsbrukarar det inntrykket. Det var i denne situasjonen at aktivistar i riksmålsrørsla og somme «høgnorske» målfolk heldt kontakt med NS – utan nødvendigvis å vere nazistar sjølv – for å påverke rettskrivinga mest mogleg. Dei oppnådde ikkje alt dei ville, for det var strid om denne rettskrivinga, også i departementa (ved sida av Kulturdepartementet også KUD, der Lunde altså ikkje var statsråd). Første steget i utforminga var at ein departementsnedsett komité dominert av riksmålsfolk la fram eit reformutkast som førte inn att svært mange riksmålsformer, mest valfritt, ikkje så ulikt den reforma som kom i 1981. Men Lunde reagerte mot dette, og beordra innføring av ei rekke «høgnorske» former, som vi har gitt døme på

ovanfor. Men striden var ikkje over med det; det var folk i departementa som ønskte ei meir «rein» riksmålsrettskriving fordi dei meinte at det ville vere meir «germansk» (dvs. nærare tysk). Eit stort stridsspørsmål var t.d. fordelinga av fortidsendingane *-et* og *-te* (*snakket* vs. *snakte* osv.): Dei mest «germanske» ville ha mest mogleg *-te*, fordi denne forma hadde sigra i tysk, mens dei mest «nasjonale» (som Lunde) ville ha mest mogleg *-et*, som dei meinte kunne gi grunnlag for *-a* i ei framtidig reform (!). Ei anna omstridd sak var endinga i ubestemt form fleirtal av inkjekjønnsord (*brev* vs. *brever* t.d.), der «germanistane» ville ha *-er*, «norrønistane» inga endring, og reglane vart mildt sagt uklare. Forsøka på å utvikle rettskrivinga ved å utarbeide ein læreboknormal m.m. førte ikkje til noko. Men det kom stadige revisjonar etter tautrekkingane i dei to departementa; dei vart kunngjort i fleire nye ordlister etter kvart.

Gjennomføringa av rettskrivinga var såleis eit kapittel for seg. Dei fleste lærarar var fiendslege til NS og anerkjente ikkje 1941-rettskrivinga, og det var ikkje mogleg for NS å tvinge ho igjennom på den tida krigen varte. Faktisk vart den formelle innføringa av rettskrivinga utsett år for år til NS si tid var ute – fordi detaljutforminga av rettskrivinga drog ut og eigentleg aldri vart fullført. Lærebøker med NS-rettskriving kom det heller ikkje mange av, for forlag og bokhandlar hadde svære opplag av nytrykte 1938-bøker og hadde ikkje økonomi til å trykke mange bøker på nytt med 1941-rettskriving, særleg sidan den nye rettskrivinga stadig var i støypeskeia (papirrasjoneringa under krigen verka sjølv sagt òg hemmande på publisering av nye opplag). Til gjengjeld vart rettskrivinga innført hardhendt i pressa – for der hadde NS sensurmakt og kunne tvinge gjennom viljen sin. Der lét dei seg ikkje stogge av mangel på avklaring i detaljane, for i 1942 sende Kulturdepartementet ut lister over enkeltord med autorisert skrivemåte, ei ny liste kvar månad i eit halvt år.

Desse listene måtte både avisfolka og sensorane halde seg til. Altså får vi ei rettskrivingsreform som er heilt «bakvendt» i forhold til dei vanlege: Normalt blir norske rettskrivingar gjennomført i skolen, men ikkje eller berre tregt i pressa (og da frivillig). 1941-rettskrivinga slo ikkje gjennom i skolen, men derimot nettopp i pressa. Inntil 8. mai 1945.

Dette har påverka synet på reforma i ettertid, for pressa er jo dei ei av dei mest «synlege» arenaene for rettskrivingsbruk i dagleglivet. Bruken av *no* osv. i slike medium er derfor svært augefallande for lesarar både i samtid og ettertid. Dei konvensjonelle riksmålsformene som også vart tvinga inn att, reagerer derimot ingen på. Det er dette som har gitt ettertida inntrykk av ei svær og gjennomgripande reform av bokmålet i NS sin regi.

Etterraksten

Rett etter krigen hadde både 1938-rettskrivinga og tilnæringspolitikken høg legitimitet blant folk, noko vi ser av ei meiningsmåling frå 1946 – både fordi denne politikken hadde demokratisk legitimitet, og fordi nasjonalt samarbeid på alle frontar var blitt ein viktig verdi for folk. Det vart òg tatt eit rettsleg oppgjær med somme av dei riksmålsfolka som hadde samarbeidd med NS, men ganske mildt, naturleg nok når vi tenker på dei alvorlege overgrepa og brotsverka som elles stod i fokus i dette oppgjeret. Fløgstad viser at Riksmålsforbundet internt skuffa sand over det heile så snart dei kunne, for så å begynne å bygge opp att rørsle under leiing av motstandshelten Arnulf Øverland. Etter det gjekk riksmåls-samarbeidet med NS i gløymeboka. Også målrørsle sette utanfor dei få målfolka som hadde vore i NS, så temaet «krigen» var stort sett borte frå språkstriden nokre år.

Viktig har dette temaet aldri vore seinare heller, men i 1960-åra var det somme riksmålsfolk som prøvde å spele kortet NS = samnorsk. Da hadde Riksmålsforbundet valt høg-

sterettsadvokat J. B. Hjort som formann, ein av dei tidlege NS-leiarane (nestformann i NS frå 1933 til 1936) som hadde roke uklar med Quisling i tide og enda med å støtte motstands-rørsle og bli internert i Tyskland i fleire år. Hjort hadde i sekstiåra fått att den demokratiske legitimiteten sin og kjempa for fleire liberale fane-saker, m.a. som forsvarar for Agnar Mykle i den berykta saka mot han. Men heller ikkje Hjort heldt seg for god til å bruke nazirettskrivinga mot samnorskpolitikken, rett nok ikkje så mye på reint språkleg grunnlag som i kampanjen sin for ein liberalistisk språkpolitikk mot «statleg tvang», som vi må seie at NS hadde vore ein sterk utøvar av på eit tidspunkt da han ikkje hadde meir med partiet å gjere. Fleire som kjende materien, peika på korleis det eigentleg hadde seg med NS-rettskrivinga; Einar Haugen får det godt fram i storverket «Riksmål og folkemål». Forsvaret mot Hjorts anklagar gjekk elles ut på at eit demokratisk og folkevalt Storting hadde rett og legitimitet til å drive rettskrivings- og språkpolitikk, eit okkupasjonsstyre på tyske bajonettar hadde det ikkje. Den argumentasjonen var i og for seg ikkje vanskeleg å forstå og godta for dei fleste, og nokon stor strid vart det ikkje om dette.

Elles var det slik den gongen at mye som det kunne stillast spørsmålsteikn ved som gjaldt krigen og okkupasjonen vart dytta under teppet og i alle fall ikkje skrive om offentleg; mange impliserte levde enno, og det vart ikkje rekna som akseptabelt å snakke offentleg om desse tinga no da rettsoppgjeret forlengst var avslutta og dei som skulle sone, hadde sona. Folk skulle leve saman, det var sterk skam knytt til ei NS-fortid, og slikt kunne finnast i dei fleste miljø og slekter. Så dei ville ikkje rive opp sår. For oss som var fødte «for seint», hadde det den konsekvensen at vi visste svært lite om det som hadde skjedd, og aller minst om eige nærmiljø – i den grad vi ikkje fanga det opp ryktevis. Eg debatterte såleis med J. B. Hjort i Aftenposten i 1965

utan å ha aning om NS-fortida hans. Dei vaksne rundt meg visste det, men dei sa ikkje noko. Dei var truleg redde for at eg skulle blamere meg ved å bryte eit tabu.

Men tida gjekk og etter kvart kom jo denne «under-bordet-kunnska-pen» opp att (og meir til), som «avsløringar» gjort av nye generasjonar, og dei har etter kvart slått i alle retningar. Vi har levd høgt på slikt i fleire tiår no.

Nye generasjonar har tatt opp att tråden når det gjeld NS-rettskrivinga òg, såleis Jan E. Hansen i Aftenposten tidleg på nittitalet – det var han som gav Arne Torp inspirasjonen til å sette ting på plass her i bladet i 1993.

Men mytane lever enno, som Knut Olav Åmås viser i den store Olav H. Hauge-biografien sin – han er så vidt innom emnet i ei drøfting av Hauges språksyn, og antydner der at NS skapte motvilje mot nynorsken ved å tvinge inn nynorske ord i bokmålet. Historikaren Øystein Sørensen kallar (i eit oppslag i Dagbladets nettavis) NS-rettskrivinga for «en form for gammeldags samnorsk». Denne framstillinga gir ikkje eit rett inntrykk, som det er vist her, og som Tjelle dokumenterer grundig.

Motstanden mot nynorsken og samnorskpolitikken etter krigen kan nok ikkje forklarast ved å dra inn NS-rettskrivinga, men må forståast ut frå forhold i den demokratiske norske språkpolitikken sjølv, og ut frå kultur- og sosialhistoriske forhold som går langt tilbake. Når riksmålsrørsle fekk slik vind i segla etter krigen, må det bl.a. sjåast i samanheng med konfliktane om den sosialdemokratiske reguleringspolitikken allment, konfliktar som i og for seg var ein nødvendig del av det å få i gang att normale og demokratiske prosessar i landet. Ei nasjonal semje etter ein felles kamp mot ein ytre fiende kan no ein gong aldri vere meir enn eit overgangsfenomen. Oppblussinga av språkstriden hadde òg samanheng med at språkreguleringa gjekk for fort og for langt og dermed gav riksmålsfolk mange gratis poeng – internaliseringa av

skriftspråksvanar blant folk vart undervurdert som ein faktor å rekne med. Faktisk måtte krigen komme litt på avstand før at Riksmålsforbundet for alvor kunne utfalde seg. Den største feilen som i den situasjonen vart gjort på den radikale sida, slik eg ser det, var at dei radikale i begge leirar for lenge leit på at tilnærminga var naturleg og uunngåeleg, og at Staten, Stortinget og fagmiljøa sin autoritet og sakleg argumentering på det grunnlaget i seg sjølv var nok, slik at dei forsømte å bygge opp eit sterkt og offensivt organisatorisk og politisk forsvar for tilnærmingspolitikken. LSS kunne ha blitt viktigare om laget hadde komme i gang ti-tolv år før (laget vart som kjent stifta først i 1959, og da var hovudslaget om samnorskpolitikken langt på veg utkjempa, utan at vi forstod det den gongen).

I den nye konflikten mellom Dahl og Fløgstad, som sviv om motsetninga bokmål – nynorsk, kjem altså striden om tilnærmingspolitikken meir i bakgrunnen, men det er framleis viktig at det ikkje blir gløymt kva NS-politikken faktisk

gjekk ut på. Høgnorskmannen Jostein Krokvik er den siste eg har sett som har kalla NS-politikken for «samnorskpolitikk», men som vi altså no veit, er det dei som strir for «høgnorsk» som bør føle nærleiken til NS sin språkpolitikk som mest problematisk, ikkje samnorskfolk. NS var høgnorskfolk i ideologien, men bokmålsfolk i praksis, for det er òg eit element i bildet at både NS og motstandsørsla (både innan- og utanlands) med få unntak gjennomførte bokmål som einaste riksmål – trass i at nynorskprosenten i skolen nådde ein topp i 1944 (utløpar av ein sterk auke som kom i kjølvatnet av 1938-rettskrivinga). Med alt som er sagt ovanfor, må forvirringa og rotet i NS sin språkpolitikk, der nokre få dreiv ideologisk verksemd mens regimet i praksis berre kjørte sin bokmålske einsrettingspolitikk, også takast med når ein skal vurdere denne spesielle episoden i norsk språkhistorie.

Styret i LSS 2004-2005

Vanja Røkkum Jahnsen, leder
Arne Torp, nestleder
Ellen Skolseg, sekretær
André Stryger, kasserer
Thomas Hoel, styremedlem
Elsa Kristiansen, styremedlem
Hans-Christian Holm, styremedlem
Ivar Hundvin, varamedlem
Pål Styrk Hansen, varamedlem
Eric Papazian, varamedlem

Ved en trykkeriteknisk feil falt dessverre noen sider ut i forrige nummer av bladet. Artiklene som ikke kom med, får vi på grunn av plassmangel dessverre ikke med i dette nummeret heller, men vi vil trykke noe av det i seinere nummer. Vi beklager!

Kåre Lunden:

Halvdan Koht

Foredrag framført i Det Norske Vitskapsakademiet i Oslo den 13.1.2005. Kåre Lunden er professor emeritus i historie ved Universitetet i Oslo

Halvdan Koht levde frå 1873 til 1965. Den offentlege rolla hans hadde fleire sider. Her er det Koht som historikar som er emnet.

Hovudsaka ved Koht er den heilt eksepsjonelle energien han utfalda, aller mest som historikar. Visse utslag av den energien er lette å sjå og vise, som produktiviteten. Litt vanskelegare å sjå er at Kohts særlege intellektuelle energi også gjer klårt på særskilt vis kva all historieskriving går ut på. Saka er at all historieskriving byggjer på valde mælestavar for det viktige, mælestavar som omfattar politiske og moralske verdiar. [Lunden 1991:285:285ff., Carr 1961, Robinson 1974]. Det er då slett ikkje spesielt for Koht at historieskrivinga hans bygde på politiske føresetnader. Det spesielle er at den intellektuelle krafta hans *såg* dette særskilt tidleg, og uttrykte det uvanleg klårt. Ei side ved dette er at skiljet mellom Koht som historikar og Koht som politikar for mange kan sjå ut til å vere særskilt vanskeleg å dra. Dette betalte Koht den sosiale prisen for i tida etter 1945. Så seint som i 1960-åra heitte det i aviser at han «for alle tider vil bli foraktet av det norske folk» og burde hatt «landets strengeste straff». Det var dødsstraff den gongen. «Gå til helvete, du! Vi vil ikke se deg!» ropa ein mann han treffe på Universitetsbiblioteket i 1965. Borneborna hans vart mobba som landssvikarungar i skulen i Bærum. Hit i Vitskapsakademiet gjekk Koht i den tida helst ikkje aleine. Då han heldt eit foredrag her, sa eit akademimedlem til han: «Tenk om De hadde holdt dette foredraget på norsk, så jeg hadde kunnet forstå det!» [Skard 1982:220–227].

Desse reaksjonane kan umogeleg

forklårast ved Kohts innsats som politikar. Det skal eg vende attende til. Reaksjonane kan berre forklarast ved å ta omsyn til Kohts klåre og uttrykkelege verdival som historikar, som språkbrukar, språkpolitikarar og allmennpolitikar. Dei verdiane som var Kohts standardar for signifikans – som vi lærde seier – var sosialdemokratiske og nasjonale. Dette peikte i feil retning, for dei kreftene som forvalta det ideologiske hegemoniet, og dét betalte Koht prisen for.

*

Halvdan Koht var dosent i historie ved Universitetet i Oslo 1908–10, professor 1910–35.

Ein moden historikar har tre hovudsider; han er granskar, tenkjar og kunstnar – språkkunstnar. Det sa Kohts store føregjengar, J. E. Sars, og eg skal sjå på Koht under desse tre synsvinklane.

Den heilt eksepsjonelle energien i Kohts innsats som historisk granskar kan først framstillast kvantitativt. Bibliografien over dei arbeida han publiserte frå året 1889 til 1965 utgjer to band, til saman 358 boksider. Første bandet registrerer 184 bøker, 1306 tidsskriftartiklar, 1643 avisartiklar. Bibliografen kalkulerer summen av dei 3133 arbeida til 43000 boksider [Haukaas 1964]. Til alle desse tala kan ein leggje 20 prosent, dei 600 arbeida som er registrerte i andre bandet [Skard 1964]. Ludvig Holberg skal vere dén norske – eller norskfødde – forfattaren som kjem nærast Koht i omfanget av trykt produksjon. Holberg skal ha publisert 16000 boksider, tredjedelen av Koht [Haukaas 1964].

For ein historikar krev det ufor-

holdsmessig mykje større energi å granske emne som er vidt skilde, kronologisk, geografisk og tematisk, enn å halde seg til eit trongare felt.

Tematisk skreiv Koht politisk, sosial, økonomisk og rettsleg historie, forutan litteraturhistorie, kyrkjehistorie, allmenne oversyn og verk som nærma seg historiefilosofi.

Koht skreiv både om norsk og anna historie. I den norske historia dekte han heile tidsrommet frå forhistoria til hans eiga levetid, ja, også «Historieskrivinga i framtida». Svært mykje hadde form av biografier. Det var dei store, trebandsverket om Johan Sverdrup (1916–25) og tobandsbiografien om Henrik Ibsen (1928–29). Og det var mindre bøker om Henrik Wergeland (1908), A. O. Vinje (1910), Ivar Aasen (1913) og Markus Thrane (1917). Bokserien *Kriseår i norsk historie*, seks band, frå 1950-åra hadde bøker om Harald Hårfagre, Kong Sverre, Dronning Margreta, Vincens Lunge og Olav Engelbrektsson. Koht redigerte samleverket *Vore høvdingar* 1912–14, og skreiv der sjølv ei rekkje nokså omfattande biografier, m.a. av John Neergaard, Ole Gabriel Ueland, P. A. Munch og J. E. Sars. I åra 1900–08 fullførde Koht femte og sjette band av Halvorsens *Norsk Forfatterlexikon*; og ikkje minst skreiv han meir enn 400 biografier til første utgåva av *Norsk biografisk leksikon*. Ingen norsk forfattar eller historikar kan ha skrive så mykje biografi som Koht. Til dette feltet kan også knytast eit mykje omfattande utgjevararbeid. Det galdt mellom anna to band av Henriks Wergelands brev, A. O. Vinjes brev (1915), Henrik Ibsens brev (1904), Henrik Ibsens *Efterladte skrifter* (1909) og tre samlingar

av brev etter Bjørnstjerne Bjørnson (1912–32). Koht gav også ut sju bøker som hadde meir og mindre karakter av egne memoarar, også frå andre verdskrigen si tid. Den eine av desse, *Norsk utanrikspolitikk fram til 9. april 1940*, skal han ha skrive på fire dagar [Skard 1984:222].

Koht understreka at han var ingen filosof. Men han gav ut to bøker som har eit historiefilosofisk preg. Det var *På leit etter liner i historia* (1953), og særleg *Drivmakter i historia* (1959).

Koht skreiv aldri noko samla framstilling av norsk historie som svarte til verka av P. A. Munch, J. E. Sars eller Sverre Steen. Men han batt saman svært sentrale tema frå eldste tida til 1814 i *Norsk bondereising* (1926).

Karakteristisk for Koht var at han gjerne knytte norsk historie til meir allmenne tema, såleis i doktoravhandlinga frå 1908: *Die Stellung Norwegens und Schwedens im deutsch-dänischen Konflikt*. Også på ikkje-norsk grunn skreiv Koht biografi, som boka *Bismarck, statsmannen* (1911). Elles skreiv Koht meir omfattande oversynsarbeid på ikkje-norske område enn på det heimlege. Hit høyrer *De germanske Folks Samfunds- og Aandsutvikling indtil Lensvæsenets Seier* (1906), ei nyutgåve av Kr. Erslevs *Middelalderens historie* (om Europa, 1933–35), *Den amerikanske nasjonen i opphav og reising* (1920) og ei allmenn framstilling av *Sosialdemokratie. Historisk yversyn* (1915).

Det er Koht som historikar eg skal tale om. Likevel er det umogeleg å hoppe heilt over det arbeidet han elles gjorde. Den krafta han utfalda som historikar kjem ikkje heilt fram utan at den råma han skreiv og granska innanfor kjem litt med. Dessutan skriv Koht sjølv i *Historikar i lære* punkt for punkt om korleis han tok opp til historisk gransking dei tema som han også arbeidde for i andre former. Fullstendig kan eg likevel sjølvsgatt ikkje vere på dette punktet.

Nær knytt til universitetsstillinga var det når Koht var dekanus 1915–17, formann i Den norske historiske

forening 1912–25 og 1932–36, formann i Norsk slekthistorisk forening 1928–40, og formann i Kjeldeskriftfondet 1918–27. Han var medstiftar av den allmenne historikarorganisasjonen Comité Internationale des Sciences Historiques, og første presidenten der 1926–33. Koht var også visepresident for Union Académique Internationale 1927–30.

I heile bolken 1923–39 var Koht vekselvis president og visepresident i Det Norske Videnskapsakademi.

Dei nasjonale verdiane som var signifikanskriterium i Kohts historieskriving, arbeidde han for som formann i Noregs mållag 1921–25, som drivkraft i Østlandsk reising og sentral kraft i rettskrivingsreformene av 1917 og 1938.

Sosialistiske verdiar var som nemnt sentrale mælestavar i historieskrivinga til Koht. Desse arbeidde han for som sentralt medlem for Arbeidarpartiet og ordførarkandidat i kommunestyret i Bærum 1917–19 og 1929–37, og så som utanriksminister 1935–november 1940.

Fredsarbeid dreiv Koht som forskar, som formann i Norges Fredsforening 1900–02 og som medlem av Nobelkomiteen 1919–36.

Med tanke på omfanget av det arbeidet Koht utførde, dei 183 bøkene og alt det andre, skulle ein tru han var ein oppdikta figur; slike menneske finst ikkje. Éin personleg føresetnad var eit bokstavleg utruleg minne. På det nordiske historikarmøtet i Lund i 1961 fekk ein førelesar som skulle tale om dei norske landskapslovene frå tidleg mellomalder brått forfall. Koht var då 88 år og praktisk tala blind og døv. Men han vart støtta opp på talarstolen, og heldt heilt utan førebuing og notat ei førelesing om eit vanskeleg og stort emne som vart sagt å vere den beste på kongressen [Skard 1981:253]. Men kapasiteten til å gå gjennom og tileigne seg stoff var ikkje mindre enn hugset. Han fortel i 1951 at han kunne lese då han var fire, og las ei bok på 300 sider på ein time då han var åtte. Han fekk då Robinson Crusoe, og las henne

17 gonger første dagen; sidan i alt 83 gonger [Koht 1951:8,12]. Når ein får tid til å repetere så pass ofte, og hugsar alt ein les, må det bli store kunnskapar til slutt! Eg veit ikkje om eg ville ha trutt på at Koht 70 år seinare hugsar at han hadde lese Robinson Crusoe 83 gonger, om ikkje mi einaste personlege oppleving av han hadde stadfest eit slikt bilete. I eit tilfeldig møte i trappa til Universitetsbiblioteket først i 1960-åra, da Koht var ca. 90, fekk han eit spørsmål – ikkje av meg – om norske dronningar på 1000-talet. Då han først høyrde spørsmålet, som måtte ropast, var det som å trykke på ein knapp. Alle intrikate ting ved Harald Hardrådes russiske dronning Ellisiv, dei ymse svenske damene som var påtenkte eller realiserte for Olav den Heilage, og så vidare, kom som erter or ein sekk, utan å nøle ein sekund. Det var slik han kunne skrive ei ikkje så lita bok, full av empirisk stoff, på fire dagar.

Med alle dei einskildting Koht granska, meinte han sjølv at hovudinteressa hans galdt den overordna strukturen i stoffet. Når han kom til ein by, feste hans seg mest ved byplanen, sa han. «Ein kan mest ikkje tala om historie utan ein lyt freiste finne eller draga opp liner i ho,» skreiv han også [Koht 1953:23]. Syntesen var det eigentleg viktige: «Vi kan ikkje nøye oss med berre den turre fagvitskapen. Det blir ikkje noko nasjonalt liv berre av å samle nasjonale kuriositetar. Er det ikkje ei ånd som bind alt dette i hop til levande liv, ei ånd som sjølv er i skyld med dikting og kunst, so blir slik vitskap unyttig og ber ikkje frukt for folkelive» [Koht 1977 (1933):46].

Kohts framståande etterfylgjar, Jens Arup Seip, stadfeste i 90-årsomtalen det sjølvbiletet Koht hadde som syntetikar: «Koht vet alt, husker alt og ser sammenheng i alt» [Seip 1962:86].

Koht arbeidde seg fram til eit fast syn på samanhengane i norsk og allmenn historie, frå dei eldste tidene til samtida hans, der alt viktig var innfelt. Med tanke på den

norske historia særskilt, har han fleire stader samanfatta dette synet, såleis i eit føredrag om «Nasjonal samfunnspolitikk» frå 1933: «Eg har freista ettervise det særskilt i den norske historia, men eg trur det er ei ålmann historisk sanning, at sjølve innhalde og krafta i den nasjonale framvoksteren ligg i at den eine klassa i folke etter den andre reiser seg og vinn makt i nasjonen. Solidaritetsskjensla i ei ny klasse er ei mektig nasjonal framgangskraft.

Fyrst er det berre overklassene som er 'nasjonen' – aller fyrst adelen. Og det var for di vi her i landet ingen samla overklasse hadde, at vi kunne misse det nasjonale sjølvstende så reint da adelen sveik. Til slutt kom det ei anna samla overklasse og nyreiste nasjonen – det var borgarklassa. Men da så ei gammal underklasse, bøndene, reiste seg og vann siger i hard strid med den borgarlege overklassa, da var dette med det same ein veldig nasjonal siger, den største som enda er vunnen her i landet både for di bøndene var den største folkeklasse vi den gongen hadde, og for di dei bar oppe tradisjonane frå det gamle Noreg.

Når no arbeidarklassa i dei to siste mannsaldrane har vakse fram, og har reist seg og samla seg, til strid for si samfundsmakt, da er det eit nytt og viktig steg fram på vegen til det nasjonale målet, både for di ei ny stor folkeklasse kjem med i nasjonen, og enda meir for di arbeidarane fylker seg under det sosialistiske programme, med rope: ingen klassestrid meir! Det dei vil, er å bygge eit klasselaust samfund, ein økonomisk samskipnad der alle er med i fast og fredeleg samarbeid for sams formål. Dette er i sanning eit nasjonalt program; fyrst med dette blir vi fullt ut ein nasjon» [Koht 1977 (1933): 286f.].

*

Dette er abstraktforma. Eg skal tidfeste og konkretisere litt nokre av punkta. Den første overklassen som skapte nasjonen var for Koht

hovdingane i vikingtida, og dinest kyrkjelege og verdslege jordeigarar i tidleg mellomalder. Dei organiserte seg i kyrkje og kongshird. Slik skapte dei den fyrste norske staten. Rivaliseringa med særleg dansk makt skapte eit nasjonalmedvit hos denne overklassen. Dermed hadde vi fått byrjinga til ein nasjon, ikkje berre ein stat.

Tapet av denne norske overklassen, det tapet som gjorde at landet miste sjølvstendet, fylgde etter Koht i seinmellomalderen, etter svartedauden 1349–50. Men det er karakteristisk for Koht at han ikkje var demografisk eller økonomisk determinist, men laga ein meir omfattande modell. Så han såg ikkje årsaka til sjølvstendetapet beinveges i folketapet ved pestane, eller i det inntektsfallet som fylgde med. Den beinveges årsaka til den nasjonale nedgangen såg Koht i avnasjonaliseringa av den norske adelen, det at han gjekk opp i den *nordiske* adelen. Slik fekk vi dei nordiske unionane. Utviklinga hadde for Koht starta alt føre svartedauden, og kunne ha blitt fullført, også utan folketapet.

Den nye overklassen som la grunnlag for ein nyreist norsk nasjon, borgarskapet som gjekk opp i same klassen som embetsstandet, voks fram frå 1500-1700-talet. Det økonomiske fundamentet var nye næringar, trelasthandel, bergverk og sterkare fiske. Det var den klassen som reiste ein ny norsk stat i 1814. På nytt lag var det vakse fram eit medvit om norske særinteresser og ein norsk identitet, med bakgrunn i interessemotsetnader til Danmark.

Den moderne bondereisinga føregikk på 1800-talet, men ho var førebudd i reisingar før 1814. Sigeren over borgarstandet og embetsmannsstaten vart særleg markert ved innføringa av parlamentarismen i 1884. Arbeidarreisinga fylgde så dernest. Men Koht såg henne naturlegvis ikkje som fullført til det klasselause samfunnet i 1933.

Vi kan samanfatte endå meir brutalt enn Koht sjølv. Då gjekk syntesen hans ut på at skaping av

ein sterk nasjon og av eit klasselaust samfunn gjekk ut på eitt og det same, på lengre sikt. Den historiske prosessen som skapte begge deler, var at den eine klassen etter den andre skapte seg rom og rett, og ved dette styrkte nasjonen.

Dette utviklingskjemaet, som vi her har sett konkretisert for norsk historie særskilt, var for Koht på eit visst abstraksjonsnivå, som vi høyrde, ei «ålmann historisk sanning». Vi kan seie det for Koht er ei lov av det slaget som ikkje berre forklarar det som har hendt hittil, men også føreseier det som vil skje. Men sjølv sagt meinte og sa Koht at formene skifter i det konkrete; og prosessen går ikkje like snøgt over alt. Koht utarbeidde same utviklingskjemaet meir fylldig for amerikansk historie enn for norsk, i boka *Den amerikanske nasjonen i opphav og reising* (1920).

Denne utviklingsteorien for norsk og allmenn historie var et godt stykke på veg original. Og Koht sjølv sa at det var den viktigaste tanken han hadde sett inn i historieskrivinga. Originalt var likevel ikkje det mest allmenne, at der finst lovbundne samanhengar i den historiske prosessen, som gjer det mogeleg for historikaren både å forklåre og i ein viss mon forutseie. Dette synet kallast historisisme, sidan Popper i 1945. Historisisme låg i den materialistiske historieoppfatninga, som Koht sjølv sagt langt på veg slutta seg til. Historisisme i ein annan variant fanst også i føregjengaren J. E. Sars sin *Udsigt over den norske historie* frå 1873–91. Men Sars avgrensa seg mest til politiske strukturtilhøve, så Koht var ny i det at han sameina Sars og Marx, som det har vore sagt. Slik vart Koht avvikande eller original, også i høve til Marx. For Marx var nasjonalstaten eit fenomen som berre var nødvendig og progressivt i ein viss fase, ved overgangen frå føydalisme til kapitalisme. Då tente nasjonalstaten utviklinga av produktivkraftene og interessene til borgarskapet. I neste fase, sosialismen, ville både borgarskap og nasjonalstat

vere akterutsegla og forsvinne, etter Marx.

I lys av politisk ordskitte i 2005 går det an å seie at Marx her hoppa over korleis *demokrati* er råd å få til i eit mangespråkleg og mangelkulturelt samfunn. For Koht var folkemakt, demokrati, grunnleggjande. Han la ei hovudvekt på samkjensle, grunna på språk og kultur. Globalt samarbeid førestilte Koht seg då i form av samverke mellom sjølvstyrte, sosialistiske nasjonalstatar. [Jf. Nimni 1991].

Som sagt, arbeidde Koht aldri denne syntesen for *norsk* historie ut i ei samanhengande framstilling. Likevel var det på ingen måte tale om ein empirisk tom sjablon. Det var tvert imot slik som Seip skreiv, at Koht «i sin historiske forståelse [har innfanget] en overveldende mangfoldighet av skiftende menneskelige vilkår og skjebner» [Seip 1963:89]. Det konkrete stoffet finst ikkje minst i biografiane. Om dei 400 i *Norsk biografisk leksikon* skreiv Seip det som mange meiner, at dei «hører til det ypperste han har skrevet». Det som Seip, som tilrådde «lupen» som historisk reiskap, og dei fleste andre ikkje sa noko om, det var *kvifor* Kohts biografiar i leksikonet står fram som interessante i særklasse, samanlikna med dei andre der. Grunnen er at Koht regelmessig, med små middel, plasserte kvar person inn i sitt overordna bilete. Skjemaet for å gje kvart ord og kvart fenomen meining, er å tolke det i ein samheng, og di vidare, di betre. Grunnen til at Koht var biograf i særklasse, også når det galdt kvalitet, var då at han ikkje nøgde seg med lupa, men *også* var syntetisk i særklasse.

Elles er det svært praktisk for den som kort skal karakterisere Koht som historikar, at han som sagt var velvilleg nok til å krystallisere essensen av sine meir enn 3000 einskildarbeid i eit slags formel.

Dei verdiane som var signifikanskriteria i Kohts historieskriving – og liv – var nasjonale og sosialistiske, som eg sa. Var Koht då «nasjonalist»? Svaret på det spørsmålet

presiserte han sjølv i det nemnde føredraget frå 1933: «Vi er vande med at ordet 'nasjonal' vert misbrukt i tenesta for [...] sjølvnyttige krav», slik at «det for det meste ligg reine pengeinteresser bak». «Det er ikkje rart om dei nye ættledene tek til å bli leie av dette nasjonale skrike [...] og beint fram stygges ved alt som kallar seg nasjonalt [...]. Dei dreg på nasen berre vi nemner unionsstriden; dei tykkjer ikkje det er noko som vedkjem dei». [Koht 1977 (1933): 283f.]. Koht fann i 1933 at «dei store spørsmåla i vår tid ligg [...] fyrst og fremst i næringsliv og samfundsliv. Og da spørst det om vi har bruk for det nasjonale?» Men her er det han finn at «fleire og fleire tek til å skjøne at det som ein kallar den frie tevlinga har levd seg sjølv ut no [...] tusen på tusen arbeidsfolk [...] blir slengde på gata i armod og naud». «Fleire og fleire tek til å skjøne at det som ein kallar den frie tevlinga» er «berre ein talemåte som dei økonomisk sterkaste dekker seg med». Det som trengst, er «ein plan-økonomi som blir gjennomført både nasjonalt og internasjonalt». Her var det då at «den største samskipingstanken som nokon gong har vore reist er sosialismen». [Koht 1977 (1933):283ff.].

Ein ting er at desse Kohts ord frå 1933 for mange – for oss på venstresida – lyder merkeleg aktuelle i år 2005. Hovudsaka er at den «nasjonalisme» ein måtte finne hos Koht, var definert ved konfigurasjonen med det sosialistiske og demokratiske, og slett ikkje var av dét slaget som i 1933 kunne finnast i Tyskland og Italia.

Koht brukte egne verdier som signifikanskriteria i historieskrivinga. Kva meinte han, på den bakgrunnen, om objektiv, vitskapleg historieskriving? Det var på dette punktet Koht gjorde sin mest originale og varige innsats som historisk tenkjar ved sida av at han sameina Sars og Marx. Med det same gjorde han ein stor innsats i kjeldekritikken, med tekniske konsekvensar. Streng kjeldekritikk fanst før Koht, og den var skjerp av Lauritz Weibull i 1911

[Weibull 1911]. Men kjeldekritikken til og med Weibull retta seg mot *kjelda* i seg sjølv. Ho kunne vere forfalska, fragmentarisk, uinformert, partisk, etc. Det langt på veg originale, som Koht sette fingeren på i eit kjent arbeid frå 1913, var at endå om *kjelda* skulle vere fullkomen på alle desse måtane, så ville historikarane likevel svært ofte dra ulike slutningar av henne. Og det var ikkje fordi dei på ein enkel måte tok feil. Konkret galdt det at Snorre på 1200-talet såg den same striden mellom konge og aristokrati i tidlegare hundreår som han sjølv opplevde i samtida si. Men den striden var ny på 1200-talet, meinte Koht [Koht 1921 (1913): 76ff.]. Dette generaliserte Koht som «relativitetsteorien i historia», som «vil seia at førrtida alltid skifter for augo til den som ser på ho. [...] Kvar einaste historiegranskar går med ulike spørsmål til førrtida, og spørsmåla har alltid samheng med den tida han sjølv lever i. Difor er det at historia alltid må bli skriven omatt...» [Koht 1951:164]. Endå om ein kan seie at Snorre på 1200-talet tolka anakronistisk, så galdt Kohts «relativitetsteori» det meir allmenne at historikarane alltid, eller i alle fall ofte, tolkar ut frå ulike, allmenne synsmåtar.

Med dette vart ikkje historieskriving for Koht fri diktning, om han så sa at historieskrivinga må ha «ei ånd som er i skyld med diktning og kunst». Først sa han at «Dei einskilte fakta kan stå, syntesen er subjektiv» [Koht 1951:164]. Og dessutan: «Det som ei ærleg historieskriving aldri kan koma til å tåla, det er at fakta på nokon måte blir forvendt eller fordult. Ho må alltid krevja den fulle sanninga fram» [Koht 1953:12]. Kanskje finn somme at det knip med konsekvensen her. Men når ein held Koht sin teori og praksis i hop, tykkjer eg ikkje det er så vanskeleg å sjå kva meininga er. Han fann sjølv at hans eiga oppfatning av makttilhøva før Snorre var betre, sannare enn det synet som Snorre og P. A. Munch hadde. Og han fann sin eigen syntese av heile Noregs-historia betre

enn syntesen til Sars. Ihoplagt vert Koht sitt syn slik: Vi kan aldri vente anna enn at kvar historikar stiller spørsmål ut frå egne føresetnader. Dette gjer ikkje syntesane deira fullstendig falske. Men syntesane kan bli meir og mindre gode og sanne, i den tydinga at dei er meir og mindre tematisk fullstendige, og bygde på meir og mindre anakronistiske føresetnader. I tillegg kan syntesar sjølv sagt være bygde på meir og mindre omfattande og korrekte elementobservasjonar, «fakta».

Dersom ein skal setje historikaren Koht i perspektiv, lyt ein spørje kor originale resultatane og synsmåtene hans var då dei kom, og korleis dei har halde seg sidan. Det første av desse spørsmåla skal eg ikkje seie meir om enn eg har gjort. Når det gjeld det andre spørsmålet, står sjølv sagt myriadar av empiriske «fakta», som i biografiane, att etter Koht. Her kan eg berre nemne det meir allmenne. Då kan eg framleis ikkje sjå at nokon har laga nokon meir plausibel syntese av heile Noregs-historia enn Koht. Somme hevdar då også at det verken er laga eller kan lagast nokon annan tematisk universell syntese av den allmenne eller norske historiske utviklinga enn den som ligg i den historiske materialismen, samspelet mellom «basis og overbygning».

Under den kalde krigen i 1950-åra reiste dei front mot totalitære ideologiar. Det medførte ein allmenn og norsk reaksjon mot Kohts type historieskriving. Med K. R. Popper avviste ein historisismen, dette at regelmessige samanhengar i historia kan finnast. Det medførte, som det har vore sagt, forbod mot syntese. Historikaren *skulle* klare seg med lupa. Store historikarar som Sir Lewis Namier i England og Jens Arup Seip i Noreg lærde at i staden for spekulasjon skulle ein setje studium av dei elementære fakta, særleg kampen mellom individ med individuelle motiv som skulle avslørast. «Kle av, ikke kle på» [Evans 1997:32ff.]. Til dette biletet høyrde ein renessanse for det synet at historikaren ikkje berre skulle, men *kunne* vere føre-

setnadslaus, om lag som ein gjekk ut frå før Kohts føredrag i 1913. Historikaren trong ikkje «stille seg på et standpunkt». Dei som laga syntesar med politiske verdier som signifikanskriteria, som Sars og Koht, vart kalla «politiske pamphletmakere» og «kvasihistorikere» [Seip 1983:231f.,149, skrive 1957. Jf. Lunden 1985:215-269., Allment Alexander 1990].

Det meste av denne 50-talsreaksjonen mot Kohts type historieskriving kom likevel raskt til å framstå som langt meir forelda enn Koht, særleg i ikkje-norsk historieskriving. Engelskmannen E. H. Carr var som Koht ein kolossal empirikar, og marxist. Han gav i 1961 ut ei innføringsbok, *What is History?*, som i heile tidsrommet seinare har vore den globalt mest brukte innføringa i historisk vitenskapsteori og metode. Boka er nærmast frå ende til anna ei kodifisering av kohtske synsmåtar. Det omfattar at historikaren sitt emne er samfunnet, ikkje individet, at hovudsaka gjeld det regelmessige, ikkje det tilfeldige, at ein må og kan finne årsaker, at ein må og kan dra linjer, lage syntesar, at ingen historiske tolkingar kan gjerast uavhengig av verdier, men at objektivitet i ei rimeleg mening likevel er mogeleg. (Samanfallet mellom Koht og Carr har eg likevel ikkje sett omtala.) [Carr 1961, Cannadine, red. 2002, Evans 1997].

Då *norske* historikarar i 1995 gav ut eit kollektivt verk som summerte opp norsk historieskriving, etterlyste ei heil rekkje meir syntese [Hubbard, red. 1995, særleg Kjeldstadli, Lunden, Sejersted].

Men kva så med Kohts historieskriving i 2005, med globalisering, nyliberalisme, det synet at nasjonalstaten alt er bortkomen, folk flest har berre ikkje oppdaga det? [Hustad 2004:174]. *Fagleg* har den radikale postmodernismen sidan 1980 lært at språket ikkje kan seie noko med mening i, for ikkje å tale om noko sant [jf. Lunden 1991:67ff]. Mindre radikalt har vi i siste ti-åra av 1900-talet hatt «den kulturelle og den språklege vend-

inga», som er sagt å innebere at humanforskarer skal tolke mening, ikkje årsaksforklære, og at emnet er «la petite histoire», med avvising av «den store forteljinga». Vert ikkje heile det historiske prosjektet – som ein seier – til Koht i dette lyset ein illusjon? Og er det teikn til at Kohts føreseiing, at vi går mot eit globalt klasselaust samfunn, som består av samarbeidande, demokratiske nasjonalstatar, vil slå til?

Mi personlege mening, for det ho er verd, er at Kohts og Carrs historieskriving er den framtidretta. Eg meiner det er openbert at språket kan seie noko med mening i, og som kan svare til ein ytre realitet. Eg meiner også at det er openbert at der *er* skjønlege utviklingslinjer i historia [Lunden 1991:106ff.]. At der finst nokon *metodisk* skilnad mellom å forklære og forstå (eller beskrive), trur eg er ein illusjon [Lunden 1991:33–67.]. At historia bør feste seg ved «det tilfeldige» heller enn det regelmessige, trur eg er ei mistyding. Om det så er Kohts føreseiing av det klasselausa samfunnet av samarbeidande nasjonalstatar, vil eg rekne det for ope kor langt ho på lengre sikt vil slå til. Det er fordi eg tillet meg å rekne det for ope kor langt det skarpare klasseskiljet som fylgjer med nyliberalismen og USA sin globale imperialisme vil bli tolt. Kanskje har vi berre fått ein forsmak på den såkalla terrorismen? [Jf. Miller 2000].

Eg trur altså at historieskriving langs Kohts og Carrs linje vil vise seg å vere den moderne, på lengre sikt. Men i tillegg til historieskriving med vitenskaplege pretensjonar kjem sjølv sagt den såkalla *infotainment*, kombinasjonen av populærhistorie og underhaldning, på TV, film, etc. Det er noko anna.

*

Så var det Koht som språkkunstnar. Koht var «den norske professor som har skrevet dårligst,» meinte riksmålskjempa André Bjerke. Kohts språk var «som å bli slått i hodet

med bautasteiner,» skreiv esteten Harry Fett [Skard 1982:92]. Elles er daglegspråket både vitskapleg og kunstnarleg medium for historikaren. Frå fagleg synsstad hadde Jens Arup Seip den vanlege innvendinga, at Kohts omgrep var «brutalt massive» og innebar uvanleg forenkling [Seip 1963:89f.] Eg har gjort ei viss gransking av omgrepa til Koht og Seip under denne synsvinkelen [Lunden 1985:223–227, 7–18]. Kohts omgrepsbruk viser i høg grad det sosiologen Wright Mills kalla «hovudkjenneteiknet på den modne tenkjaren, evna til å skytle mellom ulike abstraksjonsnivå». Koht brukar «underklassen» og «overklassen» når dette skiljet er det logiske poenget, men skil mellom gardbrukarar og husmenn, prestar og adel, når *det* trengst. Som til dømes matematikken viser, har omgrep på høgt abstraksjonsnivå ingenting med logisk *uklårleik* å gjere. Eg har vist tidlegare at substansiell historisk usemje mellom Koht og Seip på sentrale felt, som statslaginga i 1814 og folkesuvereniteten på 1700-talet, stikk i at *Seip* brukar udifferensierte omgrep, medan Koht løyser opp når det trengst. [Lunden 1985:114–136, Lunden 1991:80–90, 149–169, Lunden 1992:168–175)]. Kohts språk er meir vitskapleg, Seips meir essayistisk-litterært, så tankeinnhaldet vert mindre klårt.

Seip hevda også den vanlege meininga at Koht «skapte sitt eget» språk, «et umulig eksperiment». Koht neglisjerte at i språket må ein «ta fortiden med seg» [Seip 1963:90]. Seip impliserte at norske språkbrukarar har *ei*, udelte fortid å føre vidare. Den tanken svarte Koht på, 33 år før Seip formulerte den. Koht skreiv at det var *to* historiske liner i Noreg, ei som «førde til Danmark, og ei som førde til det gamle Noreg». Sosialt svarte desse linene «til motsetningar innanfor sjølve det norske samfunnet. På den eine sida bøndene. På den andre sida ei overklasse med dansk bokmål og med dansk kulturarv i alt åndslevet sitt...» [Koht 1993:34, skrive 1929]. Skilnaden er såleis at Seip såg

ei fortid, Koht såg *to*, og valde sosialt annleis enn Seip.

Om den ting at Kohts språk var individuelt, konstruert og kunstig, skreiv han sjølv: «Eg prøver alltid setninga på tunga, om det er råd å nytte ho i tale. Det er nett det naturlege talemålet eg alltid freistar å få fram. Men folk flest skjønar ikkje at det ikkje er lett å vere 'naturleg'. Dei hugsar ikkje på kor mykje av tillært bokmål ein då må velte av seg. Mange bokmåls-klisjear fylgjer då alltid med, og det trur folk er 'naturleg!'» [Skard 1982:92]. Personleg kjenner eg ingen norsk skribent som skriv meir talemålsnært, og for så vidt mindre kunstig og konstruert enn Koht. Men *det* talemålet han skriv er sjølvsagt ikkje det som sjølv kallar seg «dattet østnorsk». Seip hevda også den utbreidde meininga at fordi Kohts språk var kunstig, vart tanken hans på nynorsk noko uklår. Berre når Koht skreiv engelsk, reint dansk eller riksmål, steig Kohts tanke «frem i monumental klarhet» [Seip 1963:90]. Personleg hugsar eg ikkje å ha lese ein uklår setning hos Koht, og eg kjenner ingen som skriv med større «monumental klarhet» enn han.

*

Så vender eg, endeleg, attende til utgangspunktet. Det var at «allslags folk synes no dei har rett til å sparke eller sputte etter meg,» som han sjølv sa om tida etter krigen [Skard 1982:242]. Dei fleste vil vel meine at desse reaksjonane kom av den innsatsen Koht gjorde som utanriksminister. Men det er nettopp dét som er umogeleg. Rett nok undervurderte Koht, liksom allierte og norske militære, faren for og varsla om tysk invasjon. For den som ikkje vil vere demagog, hadde likevel dette i all hovudsak strukturelle årsaker. Særleg det at landet ikkje hadde nokon etterretningsinstitusjon, liksom vi på alle andre vis var ubudde på ein slik invasjon. Når den britiske flåten ikkje kunne hindre det, var invasjonsresultatet gitt. Det

avgjerande som deretter skjedde, var at regjeringa 9. og 10. april 1940 avviste dei to tyske ultimatum, siste gongen også kravet om Quisling-regjering. For dette alt avgjerande var utanriksminister Koht utanfor tvil hovudmannen. Det hadde også samanheng med at han som historikar var særleg oppteken av at landet ikkje, som i 1807, skulle komme på feil side. Dette gjorde alt granskingskommisjonen i 1946 fullstendig klårt. Avvisinga av dei tyske krava «tjener først og fremst utenriksministeren og dernest hele regjeringen til stor ære». [Etter Skard 1982:221, jf. Grimnes 1990, særleg s.46f.]. Dei kreftene som representerte det ideologiske hegemoniet, var likevel på ingen måte interesserte i at ein sosialdemokratisk polititar, målmann og samnorskmann skulle få æra av å ha gjort den avgjerande gjerninga i 1940. Dei sette difor opp monumentet over «Kongens nei» i Elverum. Det monumentet hadde blitt konstitusjonelt og politisk-reelt, historisk korrekt, dersom kongens hovud hadde blitt skifta ut med Halvdan Kohts. – Kanskje dét kunne vere ein god tanke for jubileumsåret 2005?

Halvdan Koht var Noregs Olof Palme, med sitt tyske namn, sitt borgarlege opphav og sin sosialistiske identifikasjon. Skilnaden var berre i at Koht som toppen på alt valde folkespråket, og så det at det berre vart *skrive* at Koht skulle ha vore skoten.

Feilen til Koht, for dei hegemoniske kreftene, var at alt med han, historieskrivinga, språket, språkpolitikken, allmennpolitikken, peika i feil retning. Sosialt og geografisk peikte det ut til småbønder og fiskarar, ikkje til den tradisjonelle eliten i området Oslo – Kristiania – København. Difor er det banalt lett å skjønne at han vart hata, og kvifor.

Der var politisk og kulturell strid, klassestrid, både i Kohts tid og seinare. Det som Koht på alle hovudpunkt kom ut for, var det same som Kjartan Fløgstad har påvist i 2004. Makttilhøva har vore slik at det verka naturleg å gjere kvitt til svart og svart til

kvitt. Når Koht, særleg i syntaksen, skreiv den mest munnlege, folkelege norsk som nokon skribent hittil har brukt, gjekk det an å seie at dette var kunstig konstruert. Når Koht gjorde den viktigaste nasjonale innsatsen av alle i 1940, gjekk det likevel an å behandle han som ein slags landsvikar. Når Riksmålsforbundet samarbeidde med Quisling-regjeringa, *verka* det likevel i sin orden å seie at det var *Mållaget* som gjorde dette, mot fakta [Fløgstad 2004]. Koht var og er såleis eit stridens teikn, slik alle *viktige* historikarar må vere, som Sars, til dels også Seip, var.

«I ettertid vil Kohts statur komme til å vokse til det veldige.» Det skreiv den store etterfylgjaren Jens Arup Seip, endå dei to, som vi har høyr, slett ikkje i eitt og alt var på linje [Seip 1963:87]. Det vil vere eit godt teikn for dei sosiale lag som historikaren Koht identifiserte seg med, dersom Seips spådom slær til. Men *det* vil ikkje alle vere interesserte i, i 2005 like lite som i 1935 eller i 1945.

Litteratur

Bibliografi over Halvdan Kohts skrifter

Haukaas, Kaare 1964: *Halvdan Koht. Ein bibliografi*. Oslo.

Skard, Halvdan 1974: *Halvdan Koht. Ein bibliografi*, bd.2. Oslo.

Om Halvdan Koht

Artiklar i Norsk *Biografisk Leksikon* VII, Oslo 1936, av Sverre Steen, og i *Norsk Biografisk Leksikon* 5, Oslo 2002, av Åsmund Svendsen.

Dahl, Ottar 1952: *Historisk Materialisme. Historieoppfatningen hos Edvard Bull og Halvdan Koht*. Oslo.

Dahl, Ottar 1970 (1959): *Norsk Historieforskning i Det 19. og 20. Århundre*. Oslo.

Hubbard, William H. et al., eds. 1995: *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*. Oslo.

Skard, Sigmund 1982: *Mennesket Halvdan Koht*. Oslo.

Annan litteratur som er vist til

Alexander, J. C. 1990: *The Century of the Classic*, i A. Giddens and J. H. Turner, eds.: *Social Theory Today*. Cambridge.

Cannadine, David, ed. 2002: *What is History now?* New York.

Carr, E. H. 1961: *What is History?* Harmondsworth.

Evans, Richard J. 1997: *In Defence of History*. London.

Fløgstad, Kjartan 2004: *Brennbart*, Oslo.

Grimnes, Ole Kristian 1990: «Kontinuitet og brudd. 9. april som historisk begivenhet», i Jo Benkow og Ole

Kristian Grimnes: *Vendepunktet. 9. april i vår bevissthet*. Oslo.

Hustad, Jon, 2004: *14 menn og 1 kvinne*. Oslo.

Koht, Halvdan 1921: *Innhogg og utsyn i norsk historie*. Kristiania.

Koht, Halvdan. 1951: *Historikar i lære*. Oslo.

Koht, Halvdan 1953: *På leit etter liner i historia*. Oslo.

Koht, Halvdan 1959: *Drivmakter i historia*. Oslo.

Koht, Halvdan 1977 (1933): *Norsk vilje*. Oslo.

Lunden, Kåre 1985: *Dialog med fortida. Historie og historikarar frå 1184 til 1984*. Oslo.

Lunden, Kåre 1991: *Biletet av fortida. Innhogg i historisk fagteori*. Oslo.

Lunden, Kåre 1992: *Norsk grålysing. Norsk nasjonalisme 1770–1814 på allmenn bakgrunn*. Oslo.

Miller, David 2000: *Citizenship and National Identity*. Cambridge

Nimni, Ephraim 1991: *Marxism and Nationalism*. London.

Robinson, Joan 1974: *Økonomisk filosofi*. Oslo

Seip, Jens Arup 1963: *Fra embedsmannsstat til ettpartstat og andre essays*. Oslo.

Seip, Jens Arup 1983: *Problemer og metode i historieforskningen*. Oslo

Weibull, Laurits 1948 (1911): *Kritiska undersökningar i Nordens historia omkring år 1000*. Stockholm.

Halvdan Koht og språkstriden

Halvdan Koht var gjennom nesten tre-kvart hundreår ein av dei som verkeleg ruva i språkstriden her i landet. I åra 1920–40 var det han som framom andre dreiv fram den språkpolitikken som resulterte i språkreforma i 1938. For mange stod han som sjølv hinmannen i språksaka, mannen som ville ta frå dei skriftspråket deira, «forpøble» og «forsimple» riksmålet. Andre såg på han som ein øydeleggar av Aasen-storverket, mannen som ville sprengje sund systemet i landsmålet, m.a. ved å ta inn «danske» element i skriftspråket. For andre igjen stod han som folkemålsreisaren, historikaren som sette målreisinga inn i ein slik sosialpolitisk samanheng at arbeidarrørsla ikkje lenger kunne stå nøytral i striden, men måtte gå aktivt inn og føre han fram til siger for «folkemål» og «samnorsk», det fellesnorske skriftmålet som heile nasjonen med tida skulle kunne samle seg om. Koht fikk ein lang arbeidsdag i språksaka. Mellom første og siste arbeidet hans om språkspørsmål låg det om lag 70 år, år som var fylte med ein veldig arbeidsinnsats og produktivitet.

Kort biografi

Halvdan Koht var fødd i Tromsø 1873 der far hans var lærar. 1885 flytte familien til Skien, og Koht tok examen artium der våren 1890. 1891 tok han til med å studere i Kristiania. Han studerte filologi og tok cand.mag.-eksamen 1896 med innstilling. Frå 1900 var han universitetsstipendiat, i 1908 tok han doktorgraden og blei same år dosent i historie. Frå 1910 til 1935 virka han som professor. Koht var utanriksminister i Nygaardsvolds regjering 1935-1941, og han sat i fleire periodar i kommunestyret i Bærum.

Koht døydde 1965, 92 år gammal.

Kohts målsyn

Koht fortel sjølv at han alt i dei første barneåra i Tromsø merka eit stort skilje mellom språket til vanlige folk og språket til folk frå betrestilte klassar. I heimen nytta mora eit stivt bokmål. Ho meinte former som *koke*, *bok* og *nøkkel* var stygge. Det einaste korrekte for henne var *kåge*, *båg* og *nøyel*. Når Koht hørte typiske dialektformer og -ord ute på gata, var det ofte han ikkje forstod dei, og han skjønnte «på eit vis at det var to slag mål eg hørte».¹

Da familien flytte til Skien 1885, kom Koht i kontakt med eit heilt nytt språkmiljø. Men nordpå hadde han lært å sjå på austlandske målføre som stygge, så han prøvde å la vera å ta etter. På gymnaset orienterte han seg om målsak og fornorskingsstrev. Men han var usikker. «Eg kunne ein dag tru på Knud Knudsen og ein annan dag på Ivar Aasen.» Sjølv meinte han grunnen var at «eg ikkje enda greidde å få sett det i samanheng med andre sider av ånds- og samfunnslivet».²

Sommaren 1891 var Koht på ein ferie i indre Telemark. Han fikk da for første gong oppleva den norske bondekulturen på nært hald. «Og her hørte det norske folkemålet med. Her fekk målspeørsmålet livs-samanheng for meg.»³

Bygdefolket som han kom i kontakt med, var slett ikkje målfolk. Men for Koht var hovudsaka at «dei ikkje ville sleppe bygdemålet sitt. Det heldt dei stritt på.»⁴ Koht laga den sommaren ein del viser på «eit slag normalisert bøherings-mål», men han visste godt at «etter kvart måtte eg søke tilbake til det nordlands-målet som enda levde i øra mine. Og eg visste at endemålet måtte bli eit norsk

folkemål som samla heile landet.»⁵

Etter kvart kom Koht med i den organiserte målreisinga. I 1900 kom han med i styret for Det Norske Samlaget, og han blei med i redigeringa av tidsskriftet *Syn og Segn*. Koht sat i skriftstyret i litt over sju år, dei siste to aleine. I 1900 gav han ut skriftet *Det vitenskaplege grunnlage for maalsstræve* og i 1906 nytta han «midlandsnormalen» som Arne Garborg og Rasmus Flo hadde gått inn for, i boka *Fredstanken i Noregs-sogo*. Når Koht nytta midlandsnormalen, var det likevel ikkje «for di eg heldt på denne forma, men for di eg likte 'Hægstad-normalen' enda mindre».⁶ Kyrkjedepartementet hadde i 1901 slått fast framlegget frå landsmålsprofessoren Marius Hægstad som offisiell landsmålsrettskriving, men let framlegget frå Garborg og Flo («midlandsnormalen») likevel stå som tillaten sideform.

Koht var svært misnøgd med Hægstad-normalen. Han hadde etter kvart eigna til seg mye av det målsynet som Olaus Fjørtoft stod for i 1870-åra, og ønskte at det skulle skje store endringar i Aasen-normalen. Men slik Hægstad-normalen blei, sette den for ei tid bom for ei opning mot målføre som frå før av var lite representert i Aasens normalform. Det var nemlig teikn til ei slik opning i landsmållitteraturen i 1890-åra, men Hægstad-normalen gav støyten til ein meir konservativ tendens i rettskrivinga i tiåret etter.

Dette var Koht lite nøgd med. Han meinte at landsmålet måtte endras drastisk om det verkeleg skulle kunne kalle seg «landsmål». I 1913 medverka han til at «folkets virkelige talesprog» kom inn som normeringsgrunnlag i mandatet til den rettskrivingsnemnda som blei sett ned det året. Og same år skreiv

han i avisa *Den 17de Mai* at «Landsmaale har *aldri* vore heilt landsmaal. Det har alltid bygt meir paa dei folkefatige fjellbygdene enn på dei folkerike utbygdene og byane. Dette har alltid vore til skade for maal-saka.» Koht meinte at dette tilhøve kunne bli til «større og større skade, til sterkare arbeidarklassa bli[r]. Det kann koma til aa tyne heile maal-saka.»⁷

Dette målsynet hang godt i hop med utviklinga i Kohts politiske syn generelt. Han hadde vori medlem i Venstre, men gikk ut av partiet i 1911 og slutta seg til DNA. Dei historiske og politiske studia hadde gjort det klart for han at det viktigaste som nå gikk føre seg i det norske samfunnet, var at arbeidarreiseing tok over etter bondereising som demokratisk drivkraft i samfunnsutviklinga. Ein ny og stadig sterkare samfunnsklasse gjorde krav på ein rettferdig plass i samfunnslivet, kravde betre levevilkår og politisk medverknad.

Det var om å gjøra for Koht i denne situasjonen å få fram dei felles politiske interessene han såg mellom arbeidarar og bønder, felles interesser mot overklassen. Og i språkspørsmålet kom dette fram ved at «folkemålet», slik det blei talt av vanlige folk i by og bygd, skulle reisas og komma inn i begge skriftmålsformene. Koht var likevel klar over at dyrtid og krise under verdskrigen gjorde politisk samarbeid mellom arbeidarar og bønder vanskelig:

«Bonden er produsent, arbeidaren er konsument. Det er god maalpolitikk – som det er god sosialdemokratisk politik – aa freista semja bonde og arbeidar. Men dyrtida no kjem paa tverke for dette strævet, for di ho i eit viktig livsspørsmål skapar motsetning millom bonde og arbeidar. Bonden vil ha god betaling for kjøtet sitt, arbeidaren kan ikkje gjeva god betaling. Og samleis med andre jordbruksvarur.»⁸

Og på eit diskusjonsmøte i Det Norske Studentersamfund hausten 1916 sa Koht ifølgje referat i *Riksmaalsbladet*:

«Man begynder at faa en kløvning

mellem bonde og arbeider. Det er en stor fare, større end kløvningen mellem østland og vestland. Vi trænger noget som kan samle Østlandet og Vestlandet, bonden og arbeideren.»⁹

Det blei viktig for Koht å streke under og få fram dei felles interessene i saker som ikkje *direkte* hadde med dyrtida å gjøra. Språk- og kulturspørsmål var det moglig å rive laus frå dei heilt dagsaktuelle problema, som t.d. mangelen på matvarer og brensel. Kunne ideen om dei felles interessene i kulturspørsmål nå fram til bøndene og arbeidarane, slik at dei der stilte same krav og stod saman om å gjennomføre dei, ville det også vera lettare å nå einskap seinare i meir omfattande samfunnspolitiske spørsmål.

Slik Koht såg det, låg den rette «nasjonale» politikken i at bønder og arbeidarar, heile det arbeidande folket, det som hadde berga dei nasjonale verdiane og nasjonale tradisjonane gjennom hundreår etter hundreår, at *dei* skulle bli dei førande i samfunnspolitikken så vel som i kulturpolitikken. I ein avisartikkel i *Arbeiderbladet* seier han det såleis:

«Det som skal vere sant nasjonalt, må bygge på samkjensla og tradisjonane i det arbeidande folke, hos bønder og arbeidarar. Og i målspørsmåle gjev då programme seg sjøl: å reise til vørnad og makt det levande folkemåle, det som arbeidarar og bønder talar. Det blir klassereising, nasjonal reising og kulturreising på ein gong.»¹⁰

Korleis såg så Koht – reint lingvistisk – på omgrepet «norsk» mål? Kva meinte han var viktigaste skiljet mellom t.d. dei tre nordiske måla? I ein tale han heldt i 1917, finner vi denne utgreiinga om det:

«Kva er kjenneteiknet paa norsk maal?

Sume meiner at bokmaalet vert norsk naar ein sett inn nokre konsonantar. Men det er ikkje noko paalitande skiljeteikn. Paa Sørlandet hev dei ikkje dei harde konsonantane. Likevel talar daa Sørlandet god norsk.

Tviljodarne er heller ikkje noko kjenneteikn; for me hev mange bygder i landet som ikkje hev tviljodarne.

Vokalendingarne er derimot eit kjenneteikn. Me seier huse, ikkje huset, gata, ikkje gaten, soli, ikkje solen o.s.b. Det norske maalet er eit vokalisk maal. Og vi hev dei tri kyn.»

Her finner vi altså årsaka til at Koht som regel skreiv bunden eintalsform av inkjekjønnsord utan *-t* i endinga. Vokalendingane var for han det viktigaste kjennemerket på norsk mål samanlikna med svensk og dansk. Dette var eit syn Koht tidlig hadde, vi finner det allereie i skriftet *Det vitskaplege grunnlage for maalstræve* frå 1900 (s. 9f.), som er nemnt ovafor.

Koht og Østlandsk reising

Med det språkpolitiske synet Koht hadde utvikla, var det svært naturleg at han på sommaren 1916 tok kontakt med Eivind Berggrav og gav støtte til Berggravs tankar om ei eiga austnorsk målreising, Østlandsk reising. Den kritikken Berggrav hadde kommi med når det galdt landsmålsforma, var heilt i samsvar med synet til Koht. Begge meinte dei at alle målføra i landet måtte vurderas likt nasjonalt sett, og derfor bli representerte på beste måte i skriftnormalen. Viss ikkje det skjedde, ville ikkje landsmålet kunne ha von om å bli eit verkelig fellesnorsk skriftmål. Det var likevel ein stor skilnad på Koht og Berggrav. Medan Berggrav oftast prøvde å finne psykologiske årsaker til motsetnadene i den norske målstriden, og særlig peika på dei positive psykologiske verknadene ei målreising ville få på Austlandet, så nytta Koht på si side ein sosial og historisk forklaringsmåte.

Koht meinte at når austlandsmåla hadde så låg status, skyldtes det at overklassen i byane fastla kva som var rett og kva som var gali språklig. Når, eller om, austlandsmåla og folkemåla i byane kom med og gjorde landsmålet meir til *landsmål*, dvs. samlande for fleire dialekter og ein

større del av folket, ville underklassen i landet ha fått sitt eige folkelige skriftspråk, medan overklassen ville sitte att med eit tydelig overklasse-språk. At underklassen også da ville kunne hevde at dens skriftspråk heilt ut var *norsk*, medan overklassen sitt var *dansk* i opphavet, var eit viktig tilleggsmoment å ta med. Ein historisk, sosial og nasjonal argumentasjon kunne da gå hand i hand:

«Det blir det norske folke som renskar taa seg den siste resten av fremmend-velde. Det blir folke som tar magta ifraa overklassa.»¹²

Denne forklaringsmåten kom særlig godt fram i den talen Koht heldt da Østlandsk reisning blei skipa på Jessheim 8. oktober 1916. I denne talen trekte han opp den historiske bakgrunnen for ei austlandsk kultur- og språkreise. Dette var ein svært viktig tale for Østlandsk reisning og det synet rørsle kom til å få på seg sjølv. Koht sette nemlig det arbeidet som rørsle skulle i gang med, inn i ein lang og positiv målreisings-tradisjon. Han gav så å seia rørsle ei lang historie. Austlandsreisninga blei dermed ikkje noe nytt som ein plutselig stampa opp av jorda, men ho var framhaldet av eit reisingsarbeid med røtter tilbake til før 1814. Koht hevda at det var på Austlandet målreisningstanken først kom opp her i landet. Han trekte som eit døme fram eit politisk stridsskrift frå 1771, forfatta av ein romeriking på romeriksmål. Såleis var det ein flatbygding som starta målstrevet i Noreg, meinte Koht. Og heilt fram til om lag 1850 var det austlendingar som førte an i målpolitisk arbeid. I fleire austlandsaviser blei t.d. bygdemål tatt i bruk i innlegg. Ein innsendar kalte seg «Ohla i Aasen» og han grunn-gav målførebruken sin slik: «Je talar likefram som ho mor, før ho har bedt mæ aa inte knote; utas kunne noen gjøra geip taa dæ, sa 'o.»¹³

Det målarbeidet som blei drivi på Austlandet, var det som sette Ivar Aasen i gang, hevda Koht. Men korleis kunne det da ha seg at Austlandet, som hadde vori først ute med målreisingsarbeid, kunne komma til

å stå så heilt utafør det målreisingsarbeidet som Ivar Aasen starta? Koht peika her på at mye hadde endra seg i det norske samfunnet i åra mellom 1830 og 1850, da Aasen var såpass ferdig med granskingane sine at han kunne presentere dei for publikum. Nye politiske spørsmål hadde kommi i framgrunnen. Husmenn og arbeidarar hadde saman reist seg gjennom thranerørsla, og i denne striden hadde det gamle bondepartiet delt seg. Austlandsbøndene gikk imot arbeidarane, vestlandsbøndene gikk med dei. «I striden om demokrati kom saaleis østlandsbøndene mykje til aa staa i hop med dei gamle motmennene sine, embætsfolke og byborgarane; dei vart overklasseparti, dei au. Folk tok beint fram til aa kalle det demokratiske partie for 'vestlandspartie', – saa kvast stod Vestland mot Østland. Men maalreisninga var ei demokratisk reising, ein strid imot den gamle overklassa. Og da var det naturlegt at den vart ei vestlandssak. Da Østlande kom i strid med demokrati, gav det op maalkrave sit au.»¹⁴

Dei store sosiale skilnadene mellom bøndene på Østlandet og Vestlandet såg Koht som årsaka til at utviklinga blei slik. Denne kløyvinga førte til at det særlig var vestlendingane som hadde drivi fram målsaka, og landsmålet hadde naturleg nok tatt merke av det. Koht meinte òg at nasjonalromantiske omsyn hadde bidratt til å gjøra landsmålet meir vestlandsprega enn det burde ha vori.

Med denne talen på skipingsmøtet til Østlandsk reisning i 1916 hadde Koht sett heile målreisingsarbeidet inn i ein sosialpolitisk samanheng. Den målpolitiske skilnaden mellom vest og aust i landet blei forklart ut frå dei ulike sosiale tilhøva på Austlandet og Vestlandet. Dermed fikk Koht også fram det syn at den felles *norske* målreisninga, som både vestlendingar og austlendingar måtte ta del i, den var samtidig ei *sosial* reising. Det var heile underklassen i landet som skulle reise målet sitt, som eit ledd i den sosiale kampen

mot overklassen.

Koht hevda her eit klart sosialradikalt målsyn som grunnlag for austlandsreisninga. Det liknar svært på det synet Olaus Fjørtoft målbar i byrjinga av 1870-åra. Konkret gav det seg utslag i framlegg om egne bygdemåls-abc-ar og «andre lærebøker» på bygdemål, og i kravet til austlendingen om å «setta igjennom» sitt eige austlandsmål, slik at det rådde grunnen på Austlandet.¹⁵

Kva Koht har meint med å «setta igjennom» er ikkje heilt klart. Det kan av formuleringar som denne og fleire andre sjå ut som om Koht ville ha etablert ein eigen austnorsk skriftnormal. Men sjølv om ein del av Kohts formuleringar kan peike i den retninga, er dei likevel for vage og upresise til at ein kan seia noe sikkert om det. I eit innlegg i avisa *Den 17de Mai* skreiv han t.d. at sjølv om ikkje austlendingen burde gå *mot* landsmålet, så «lyt han i minsto gaa *utanum* det, skal han finna seg ein maalbunad som høver aat han».¹⁶

Det er rimelig likevel å tolke Koht slik at han meinte ei sjølvstendig målreisning på Austlandet, «utanum» landsmålet, skulle kunne gi føresetnaden for ei framtidig samla målreisning. Skulle ein i framtida kunne forme eit sams norsk skriftmål, måtte det først og fremst skje ei sjølvstendig reising av målføra på Austlandet. Som ein naturleg konsekvens av dette kjemer da kravet om bøker på austlandsk folkemål. Seinare tok Koht opp spørsmålet om abc-bøker på bygdemål også i Norigs Maallag, t.d. på landsmøtet i 1917.¹⁷

Østlandsk reisning dreiv aktivt målreisingsarbeid på Austlandet i om lag ti år, frå 1916 til 1926. Rørsle knytta til seg omkring 10 000 medlemmer gjennom dei frilyndte ungdomslaga, og viste at det var moglig å drive målreisning på Austlandet òg, bare det blei gjort ut frå austlandske føresetnader. Koht var nestformann i rørsle heilt frå starten og fram til 1924. Ei tid var han såleis både formann i Norigs Maallag (frå 1921) og nestformann i Østlandsk reisning. Denne dobbelfunksjonen skapte

nok ein del problem, det var nemlig ikkje bare godt forhold alltid mellom folk i målørsla og folk i Østlandsk reisning. I målørsla såg mange med temmelig skeptiske auge på det arbeidet Østlandsk reisning dreiv, og rundt på Austlandet var redsla for «vestlandsmålet» sterkt. Koht sjølv såg inga motseiing i det å vera med både i Norigs Maallag og i Østlandsk reisning. I eit intervju i denne tida med bladet til Østlandsk reisning, *Østagleitt*, sa han m.a.:

«Je er så hjertelig usams med alle dem som trur at framgangen i målspørsmålet skal gå bare etter ei einaste linje, – enten bare med å 'norske op' det gamle riksmålet eller bare med å drive fram det landsmålet Ivar Aasen forma til. Vi har så inderlig god bruk både for opnorskinga i riksmålet og for landsmålet, og vi må enda gå fram en vei til: vi må få fram alt det folkemålet som enda inte har fått høvelig rom i noe ta disse skriftmåla, særskilt just målet på flatbygdene her øst. Det er målet her som mye skal hjelpe til å samle hele landet.»¹⁸

Koht og språkpolitikken til DNA

Enda om Koht gjorde eit stort arbeid for Østlandsk reisning i åra fram mot midten av 1920-åra, er likevel arbeidet hans for å påverke kulturpolitikken i DNA det som kanskje har sett størst spor etter seg. Koht såg det som si viktigaste politiske oppgåve «å få Arbeidarpartiet til å ta standpunkt for målreisinga», skreiv han i sjølvbiografien sin i 1951. Og han legger nokså nøgd til at «Eg torer vel seia at arbeidet mitt for dette sette merkje etter seg i heile tenkemåten innanfor Arbeidarpartiet, så det ikkje lenger berre støyte ifrå seg den borgarlege nasjonalismen, men sjølv eigna til seg dei nasjonale tankane.»¹⁹

Koht tok neppe for hardt i her. Det var utan tvil hans arbeid som var den viktigaste årsaka til at DNA kom fram til eit avklara syn på språkpolitikken, og stod fram i 30-åra som eit parti som arbeidde for «et samnorsk sprog på folkemålets grunn», som

det stod i programmet til AUF frå 1937. I partiprogrammet til sjølv DNA stod det frå 1936 at partiet skulle arbeide for «Breiare plass for folkemålet.» (Det har blitt hevda fleire stader, t.d. i Einar Haugens bok *Riksspråk og folkemål* s. 93, at DNA alt i 1933 fikk inn i partiprogrammet arbeid for eit samnorsk skriftspråk, men det er ikkje rett. Partiprogrammet frå 1933 seier ingen ting om det.)

Da Koht kom med i DNA i 1911, hadde partiet eit nøytralt syn i språksaka, dvs. at partimedlemmene og partirepresentantane i kommunestyra og på Stortinget var frie til å velje side i målstriden. Denne politikken førte til at partiet hadde folk i begge dei språkpolitiske leirane, og det skapte ikkje lite uro i partiet frå tid til annan. Best kjend er saka om eksklusjonen av soknepresten Alfred Eriksen i 1912. Eriksen hadde vori ein framstående representant for DNA på Stortinget frå 1903. Han blei formann i Riksmålsforbundet i 1911, og oppfordra da folk til først og fremst å stemme på riksmålsvennlige representantar ved stortingsvalet i 1912. Landsmøtet i DNA bad Eriksen om å dra denne oppmodinga attende, men da Eriksen ikkje gjorde det, vedtok landsmøtet å ekskludere han. Denne saka blei livlig diskutert i pressa i lang tid etterpå, og førte til at det blei eit visst motsetnadstilhøve mellom DNA og riksmålsrørsla.

Tilhøvet mellom DNA og målørsla var lenge heller ikkje særleg godt. Arbeidarane stod nokså samla om å avvise landsmålet som sitt skriftmål, og målavisene var ofte ute etter dei for det. Særleg hard strid kom det opp i Trondheim i 1913 mellom DNA-avisa *Ny Tid* og målavisa *Spejelen*. Spejelen skreiv om arbeidarane i Østfold at

«d'er vel kjent at deira moralske og kulturelle tilstand er soleis at ein maa bede Vaarherre fri Noreg fraa aa verta eit industriland der slike folk er i fleirtal. Vi ventar ikkje at dei skal verte gripne anten av maalsak eller nokor onnor sak som ikkje gjeld pengar eller drykk.»²⁰

Ny Tid svarte med å hevde at målørsla var «reaktionær i dette ords videste og værste betydning», og la til at «kommer nu hertil ogsaa en aapen arbeiderfiendtlighet, blir det en tvungen nødvendighet for arbeiderne gjennom sit parti at bekjempe den hele maalbevægelse».²¹

Nå må ein likevel seia at arbeidarørsla ikkje var heilt fremmend for mange av dei argumenta som blei brukte for å fremme målreisinga. Frå tid til annan kan vi finne leiarartiklar i dei sosialdemokratiske avisene som tydelig syner at i grunnsyn stod dei mange målfolk nær. Men arbeidarane møtte målfolka som motmenn på mange fleire område enn nett målsaka. Mange av dei rørslene og organisasjonane i samfunnet som arbeidarane såg på som arbeidarfiendtlige og som dei motarbeidde, hadde målfolk i leiinga. Det kunne vera skyttarlag og fråhaldslag, forsvarssak og bondereising. Arbeidarane kom såleis til å stå som motstandarar av målfolk på så mange område i politikken, og målsaka lei da også under det. Uvilje hos arbeidarane smitta over frå den eine saka til den andre.

Det var derfor ikkje noen enkel sak Halvdan Koht gav seg i kast med da han tok til med arbeidet for å snu innstillinga i Arbeidarpartiet.

Striden omkring rettskrivingsreforma i 1917 utløyte ein større debatt i partiavisene, og der tok Koht del. Han forsvarte 1917-reforma og meinte at det nå var på tide for arbeidarørsla å ta stilling i språksaka, og da for reisinga av «folkemålet». I samband med denne debatten gav sentralkomiteen i DNA Koht i oppdrag å skrive ei utgreiing for partiet om målspørsmålet og arbeidarørsla. Koht skreiv da *Arbeidarreising og Målspørsmål*, som blei sendt ut i brosjyreform i 1921. Koht argumenterte i denne artikkelen sterkt for at arbeidarørsla ikkje måtte avgrense arbeidet sitt til bare å gjelde økonomiske spørsmål, det var svært viktig også å ha eit kulturelt program. Koht hevda at viss arbeidarane ville nå fram til «åndsmakt likså vel

som til samfundsmakt», så måtte dei også ta opp målstrid. Og arbeidaren «må krevje å få eit *bokmål* som gjør han fri, ikkje legg han i lenker. Han kann ikkje la seg hefte korkje med gamalnorsk eller med dansk; han må stile fram imot greitt folkemål». ²²

Også i denne artikkelen kjemer det synet fram at det gjeld i politikken å skapa ei samling av heile underklassen i landet, ei samling av bønder og arbeidarar mot overklassen. «Og samlinga om folkemålet kann gie styrke til folkereisinga. Både liv og vitskap syner at folkemålet er ei sameige for bonde og arbeidsmann, i by og bygd, og striden for denne sameiga må skape samhug mellom dei to store folkeklassene.» ²³

Arbeidarane treng ikkje ennå binde seg til ei viss skriftform. «Dei lyt heller gå ut ifrå at dei sjølve skal være med og lage skriftforma når dei vinn makt i samfundet, – skriftforma er ikkje ferdig endå.» ²⁴

Og Koht sluttar artikkelen med å hevde at det ein må stri for, er «*rett for folkemålet* på alle kantar. Rett for folketalen i munnleg bruk, ikkje berre heime og på arbeidsplassen, men likså vel i skolen og på talarstolen. Rett for folketalen til å sette stempelen sin på alt skriftmål, anten det kallar seg landsmål eller riksmål.» «Striden for folkemålet er kultur-sida av arbeidar-reisinga,» hevda Koht til slutt. ²⁵

Debatten i DNA om språksaka omkring 1920 fikk likevel ikkje konkrete resultat med ein gong. Men frøa var sette, og 10. januar 1921 kunne ein t.d. lesa slikt i ein leiar i hovudorganet til DNA, *Social-Demokraten*:

«Naar byarbeiderne, sammen med arbeiderbøndene og fiskerne, har erobret al magt i samfundet, vil den nye tilstand uvægerli medføre en sprogreformation. Det arbeidende folks tale vil da bli anerkjendt som landets kultursprog. Men ogsaa først da. Saa længe vi har en overklasse, vil vi ogsaa ha sprogkamp. Men den dag overklassen er beseiret, har overklassesproget tapt sit rotfæste. Forholdsvis hurtig og let vil bønder

og byarbeidere finde hverandre paa den fælles sproggrund, og vi vil faa et skriftsprog, som er let at lære, fordi det bygger paa den levende tale.»

Dette kunne vori skrivi av Halvdan Koht sjølv, men om det er Kohts tankar og idear, så er nok leiaren likevel ført i pennen av redaktøren, Olav Scheflo.

Først med striden omkring Trondhjem/Nidaros/Trondheim-namnet i slutten av 20-åra tok språkdebatten i DNA seg opp att. Og nå blei det sett fram sterke krav, først og fremst frå Koht, om at partiet skulle få ein språkpost i partiprogrammet som sa klart frå om kor partiet stod. Nå var analysen og forståinga av språkspørsmålet kommen så langt, meinte Koht, at «åndsgrunnlage for eit program» var lagt. ²⁶

Mange i partiet var nok redde for at ein språkpost i programmet ville kunne kløyve partiet, men *Arbeiderbladet* støtta tanken på leiarplass (3/9 1929).

Debatten førte til at partiet sette ned ei kulturnemnd til å greie ut om kulturpolitikken. Koht var sjølvskreven formann i nemnda, og m.a. var historieprofessoren Edvard Bull (d.e.) og Johan Nygaardsvold med.

På landsmøtet i partiet i 1930 la kulturnemnda fram ei fråsegn som viste at synet til Koht hadde fått full støtte blant dei andre i nemnda. Direkte om språksaka stod det i fråsegna:

«I det nasjonale kultur-arbeid vil partiet bygge på dei ekte folkelege tradisjonane, dei som har levd hos bønder og arbeidarar gjennom tidene. Difor vil det i målsprøsmåle alltid stri for ekte folkemål. I presse og i skole vil det hjelpe fram alt levande folkemål, så det får støtte og større rom innafor baa dei to offisielle skriftmåla i lande, og til slutt kann føre dei i hop i einskap. Partiet vil at tenestemenn i stat og kommune, kvar innafor sitt embetsområde, skal nytte folkemåle så langt som folke sjøl krev det.» ²⁷ Målforma her syner klart at fråsegna også er ført i pennen av Koht.

Landsmøtet vedtok å overlate til Sentralstyret å arbeide vidare med saka, og fråsegna frå kulturnemnda og det innleiingsføredraget Koht heldt på landsmøtet, blei distribuerte til lokallaga til vidare drøfting.

Som nemnt ovafor resulterte dette i at passusen «Breiare plass for folkemåle» i 1936 kom inn i partiprogrammet. Og i 1937 kom denne formuleringa inn i programmet til ungdomsorganisasjonen, AUF: «Det arbeides for en utvikling av et samnorsk sprog på folkemålets grunn.» ²⁸

Men da var striden rundt det nye rettskrivingsframlegget i full gang. I den striden stod Halvdan Koht i sentrum, sjølv om han som utanriksminister frå 1935 hadde mindre tid til aktiv språkstrid enn før.

Koht og rettskrivingsreforma i 1938

Rettskrivingsreforma i 1938 var på meir enn ein måte krona på verket for den språkpolitikken som Koht hadde arbeidd for i så mange år. Ikkje så mye i kvar detalj og kvart einskildspørsmål. Det er i sjølve grunnlaget for reforma, og i dei språksosiale konsekvensane vi kan øyne Kohts største innverknad og hans målpolitiske linje. For å få 1938-reforma i rett perspektiv, må vi sjå ho i samheng med dei andre store rettskrivingsreformene i dette hundreåret, den i 1907 og den i 1917. Når det gjeld reformene i riksmålet, kan vi sjå ei klar linje frå 1907 til 1938: I 1907 blei det første steget frå dansk til norsk mål grunn tatt med «dannet» tale som normeringsgrunnlag. I 1917 fikk vi eit framhald av dette, men samstundes fikk ein del folkemålsformer plass i riksmålet som valfrie former. Desse valfrieformene var dei første i riksmålet som gikk ut over det som hadde vori normeringsgrunnlaget i 1907 og for dei «obligatoriske» riksmålsformene i 1917, nemlig den «dannede dagligtale». Den striden vi fikk etter 1917-rettskrivinga hadde sin bakgrunn i denne skilnaden: dei «obligatoriske» formene var forma

etter «dannede» tale, dei «valgfrie» vesentlig etter austlandsk folkemål. Det gir seg sjølv at det neste steget ville vera å la *bare* «folkemålet» vera grunnlaget for normeringa, i staden for «dannede» tale. Og dét er nettopp hovudsaka ved 1938-reforma: «folkemålet» skulle vera rettesnor for skriftmålet. Frå dei «obligatoriske» formene i riksmål 1917 til dei påbodne formene i bokmål 1938 ligger det såleis ofte ein viktig *sosial* skilnad. Talemålet til dei øvre sosiale gruppene i hovudstaden blei frå 1917- til 1938-reforma definert *ned* frå ein tidligare overordna posisjon, ein posisjon som brukarane alltid hadde lært seg til å sjå på som sjølvsgd.

Det var særleg Kohts arbeid og tankar som her bar frukt og blei omsette i praksis. Hans langvarige argumentasjon og agitasjon for «folkemålet» hadde ført til at DNA gjennomførte ei reform som må kunne seias å representere ein språk-sosial revolusjon. Den «dannede dagligtale» hørte dei øvre sosiale lag til, «folkemålet» tilhørte arbeidarane, bøndene og fiskarane. Og med 1938-reforma i bokmål blei «folkemålet»

løfta, den «dannede dagligtale» senka i skriftspråkssamanheng.

Det var fremst gjennom endringane i nynorsken at eit anna av hovudsyna til Koht kom fram: utviklinga fram mot eit samnorsk skriftmål. Medan riksmålet/bokmålet «flytte» sosialt, «flytte» nynorsken geografisk. Dei folkerikaste områda i landet blei langt meir tilgodesedde i det nynorske skriftmålet enn tidligare, og dermed var stemneleia mot eit samnorsk skriftmål peika ut enda klarare enn i 1917. Dei samnorske formene blei i 1938 i langt større grad enn i 1917 slått fast som obligatoriske. I 1917 var samformene som regel valfrie.

Slik ser vi at Kohts språkpolitiske syn vann fram gjennom DNA og fikk 1938-rettskrivinga som det viktigaste konkrete resultatet. «Folkemålet» vann dermed på eit vis bokmålet over til seg, og det drog nynorsken i samnorsk lei.

Koht hadde inga tru på at djupt-gripande sosiale og politiske endringar kunne skje brått og over natta, han var ingen revolusjonær i så måte. Han hadde meir tru på den jamne voksteren, han var historikar og var

på leit etter liner i historia. Slik òg i målsaka. I revolusjonsåret 1917 uttalte han seg t.d. slik i ein tale:

«Sume meiner at me beint fram med eit lovpaabod skal slaa fast kva maal som skal brukast. Det vilde vera revolution. Dei talar so mykje um revolution no, men revolution hev eg aldri noko tru paa. Den ber ikkje fram. Det er den jamne vokster som skal bere fram.»²⁹

Likevel har arbeidet hans med norsk mål og målpolitikk vori med og endra dei to norske skriftmåla med ein slik fart og i ein slik grad og retning at det ikkje ligger langt frå det ein må kunne kalle ein språklig revolusjon. Samanlikna med andre land har utviklinga av skriftmåla i vårt land gått svært snøgt. Og ho har gått meir i retning av folkelig talemål enn noe anna skriftmål vi kan samanlikne med. Den utviklinga har få personar vori med og prega i slik grad og over så lang tid som Halvdan Koht.

Tidlegare trykt i Mål og makt (1976)

Notar

1. Halvdan Koht: *Minne frå unge dr.* Oslo 1968, s. 104.
2. *Op.cit.*, s. 135.
3. *Op.cit.*, s. 137.
4. *Op.cit.*, s. 138.
5. *Ibid.*
6. *Op.cit.*, s. 259.
7. 2. oktober 1913.
8. *Den 17de Mai*, 31. august 1916.
9. 4. november 1916.
10. 26. august 1929.
11. Etter referat i bladet *Norig*, opptrykt i *Den 17de Mai* 29. august 1917.
12. Halvdan Koht: «Østlandsk Reising» (1916), sitert etter E. H. Jahr (red.): *Østlandsk Reising 1916-1926*, Oslo 1974, s. 82.
13. *Op.cit.*, s. 74.
14. *Op.cit.*, s. 77f.
15. *Op.cit.*, s. 80f.
16. 25. oktober 1916.
17. Sjå *Syn og Segn* 1917.
18. *Østagleitt* 1921, s. 34, sitert etter E. H. Jahr: *Op.cit.*, s. 148.
19. Halvdan Koht: *Historikar i lære.* Oslo 1951, s. 159.
20. *Spejelen* 1913, sitert etter Ivar Tryti: *Rettskrivningsstrevet i norsk riksmål 1907-1917*. Utrykt hovudoppgåve ved Universitetet i Oslo, 1953, s. 98.
21. 24. mai 1913.
22. Sitert etter opptrykk i E. Hanssen og G. Wiggen (red.): *Målstrid er klassekamp*. Oslo 1973, s. 38.
23. *Op.cit.*, s. 38f.
24. *Op.cit.*, s. 39.
25. *Ibid.*
26. *Arbeiderbladet* 26. august 1929.
27. Sitert etter Hanssen og Wiggen: *Op.cit.*, s. 42.
28. Sitert etter Erling Granholt: *Arbeiderbevegelsen og riksmålet*, Oslo 1966, s. 62f.
29. Etter referat i bladet *Norig*, opptrykt i *Den 17de Mai* 29. august 1917.

B
BLAD

Returadresse:
SPRÅKLIG SAMLING
Postboks 636 Sentrum
0106 OSLO

Innhold 2/2005

- 2 Redaksjonelt: Historier om Halvdan Koht, NS og riksmålsreaksjonen**
- 3 Lars S. Vikør: NS og språkpolitikken: Høgnorsk ideologi og bokmålsk praksis**
- 7 Kåre Lunden: Halvdan Koht**
- 14 Ernst Håkon Jahr: Halvdan Koht og språkstriden**

STØTT ARBEIDET FOR

ett norsk skriftspråk

Tegn Dem som medlem eller gi ei gave

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

www.sprakligsamling.no